

*Ottar Grepstad*

*Frå den nynorske  
skriftkulturens annalar  
1646–2005*

# *Innhold*

Forord	3
Forsøk på trykk (1646–1800)	5
Eit norsk språk? (1801–1848)	7
Den fyrste gong (1849–1876)	10
Kateter, skrivebord og preikestol (1877–1895)	15
Målrørsla gjennom landet (1896–1910)	21
Ein liten revolusjon (1911–1929)	28
Vendepunktet (1930–1954)	36
Nye vilkår (1955–1974)	43
Eit allment språk (1975–1989)	49
Haldepunktet (1990–2005)	53

© 2006 Nynorsk kultursentrum og Ottar Grepstad

INNFØRSLANE I DENNE ANNALISTISKE framstillinga skal vise viktige trekk ved utviklinga og utbygginga av mangfaldet i den nynorske skriftkulturen, og korleis denne skriftkulturen steg for steg vann nye posisjonar. År for år tek bruksmønstera til nynorskbr5ukarane form. Så langt det er råd er hendingane tidfesta med dato.

Nyare norske krøniker og annalar har med svært lite om det som gjeld nynorsk skriftkultur i vid forstand. Den 1300 sider tjukke *Århundrets krønike* (1988) manglar heilt stikkord som ”landsmål”, ”nynorsk” eller ”språkstrid”. I *Norges historie i årstall* (1997, ny utgåve 2004) av Nils Petter Thuesen er situasjonen noko betre, men dekninga er vilkårleg og lite tilfredsstillande. Innanfor ei nokså strengt avgrensa ramme har Jan Ragnar Hagland fått med mykje i *Språkhistoriske årstalsliste* (1993, ny utgåve 2002).

Det har vore vanskeleg å unngå at det institusjonelle blir framheva i ei annalistisk framstilling som denne. Men eg har prøvt å namngi personar, til dømes statsrådar, så langt det er mogleg og føremålstenleg. At det var statsråd Ivar Tveiten som autoriserte *Nynorske Salmebok* i 1925 (og det på sin eigen 75-årsdag), har seinast Berge Furre vist var viktig. Altså er det ikkje alltid tilfredsstillande å skrive berre departementet e.l.

Framstillinga er konsentrert om det som må seiast å vere dei viktige hendingane, det som har vore ei nyvinning, det som har fått følgjer, og då helst i ein nasjonal samanheng. For at litteraturens diktekunst og sakprosa ikkje skulle bli for dominerande, har eg berre teke med nokre utvalde fødselsdatoar og viktige bokdebutar i denne første utgåva. Minst plass har nok biletkunst og musikk fått. Derimot har eg prøvt å gi god plass for den breie bruken av nynorsk i allmenta. Enno har eg ikkje greidd å finne fram til den første grammofonplata med nynorske tekstar eller den første kino-/tv-reklamen på nynorsk. Kulturindustrien har slett ikkje vore så fri for nynorsk som innførslane nedanfor kan tyde på.

På sin måte viser desse annalane når og korleis nynorsken breier seg og festnar seg og vinn tilslutning, men også korleis ein del viktige reaksjonar og mottiltak tok form. Sjølv om innførslane er forma som knappe avsnitt i eit oppslagsverk, vonar eg at ei gjennomlesing vil få fram kor mange tiltak og uttrykksformer den nynorske skriftkulturen er tufta på.

Hendingar, opplysningar og samanhengar som kan datofestast, står først

under kvart år.

At noko ikkje står her, kan vere fordi eg meiner det ikkje var viktig nok i eit samla nasjonalt perspektiv. Men grunnen kan nok like gjerne vere at eg ikkje har visst om det.

Også av den grunn er difor alle tips og merknader og feilmeldingar særskilt velkomne til [admin@asentunet.no](mailto:admin@asentunet.no) .

*Sist oppdatert 8. mai 2006*

## *Forsøk på trykke (1646–1800)*

Reformasjonen i 1536 fordanska skriftspråket i landet. Ein grunntanke i reformasjonen var forkynning på folkemål, ikkje latin. I 1550 kom *Bibelen* på dansk, men språkleg blei reformasjonen i Noreg først fullført fire hundre år seinare då Bøkenes bok også låg føre på landsmål. Utover på 1600- og 1700-talet blei religiøse skrifter folkelesnad blant kunnige bønder, og det var gjerne prestane som dokumenterte den språklege kvardagen. Talemålet kom fram i ymse skrifter, frå rettsdokument til folkedikting, og det blei laga mange visetrykk på dialekt. Frå og med 1643 fanst det trykkeri i Noreg, men mellom 1536 og 1814 var det full prentefridom berre i åra 1770–73. Då aula det av skrifter i mange ulike og nye sjangrar, og med innslag av talemål på trykk.

### **1646**

*Den norske Dictionarium eller Glosebog* er den eldste trykksaka på bygdemål. Ordboka med om lag tusen oppslagsord er skriven av sunnfjordingen Christer Jenssøn. Boka kjem ut i faksimile i 1946.

### **1647**

Det eldste trykte visa på bygdemål. *Tvende lystige norske Viser* med ”Rabnabrydlaup i Kråkelund” på nordhordlandsdialekt blir utgitt i København.

### **1698**

*Bibelen* på jærdialekt. Jacob Rasch set om første kapittel i Romarbrevet til dansk og jærdialekt. Skriftet blir først prenta i *Syn og Segn* i 1950..

I eit rundskriv oppmodar oversekretær Mathias Moth i det danske kanselliet biskopane i Danmark-Noreg om å få til oppskrifter av dialektord.

### **1730**

Ei samtale om ein rettstvist blir skriven på telemarksdialekt. Slike ”løglege røder” finst det mange av frå 1700-talet.

### **1737**

*Sandhed i Gudfrygtighed* blir gitt ut anonymt eitt år etter at kongen har innført påbod om konfirmasjon. Her forklarar presten Erik Pontoppidan Martin Luthers katekisme for konfirmantane. Berre i Noreg blir boka trykt i meir enn 250 opplag. I 1739 blir det innført allmenn skuleplikt, i ein skule som er heilt gjennom dansk.

### 1749

I *Glossarium Norvagicum* samlar Erik Pontoppidan ord frå Hordaland til nytte for danske embetsmenn.

### 1750

Presten Knud Leem frå Sunnmøre set om delar av Ludvig Holbergs kyrkjestorie til Karmøy-dialekt. To år etter blir Leem professor i samisk.

### 1753

*Bibelen* på trønderdialekt. Presten Peter Lorents Hersleb frå Stod set om Fyrste Mosebok.

### 1764

Hans Strøm blir prest i Volda, og med det tek ein lærdomstradisjon som blir ein nødvendig føresetnad for Ivar Aasen, form på Sunnmøre. Strøm gjer teneste her i 15 år og legg det grunnlaget for folkeopplysning som ein av elevane hans fører vidare. Eleven heiter Sivert Aarflot.

### 1770

*Døleviser* kjem ut – ei samling viser og dikt på dialekt av gudbrandsdølen Edvard Storm.

Det første rettskrivingsvedtaket. Kongen fastset at Ove Mallings *Store og gode Handlingar af Danske, Norske og Holstenere* (1777) skal vere skrivemønster for dansk i skulen.

### 1771

*Samtale mellom Einer Jermonson og Reiar Randulvson* er typisk for prentefridomsskriftene. Her formår Einar Gjellebøl eit klageskrift til kongen i København som ein samtale på romeriksdialekt mellom to bønder.

### 1780

*Norske Ordbog*, ei samling ord frå Østfold, blir gitt ut av presten Jacob Nicolai Wilse.

### 1784

Eit manuskript med *Prøve* på Hardanger-dialekt av presten Marcus Schnabel blir trykt fire år etter at forfattaren døydde. Schnabel er den første som ser samanhengen mellom norrønt og norske dialektar.

### 1800

Dei ti bodorda på trønderdialekt. 1.3. prentar *Trondbiems Budstik* bodorda, omsette til namdalsdialekt av Hans Barlien.

## *Eit norsk skriftspråk? (1801–1848)*

Tidleg på 1800-talet var Noreg blitt ein nasjon av skriveføre. No var ikkje berre lesekunna, men også skrivekunna blitt allmenn. Den demokratiseringa av Noreg som no skaut fart, fekk god draghjelp frå ein skriftkultur som blei allmenn og jamt meir dominerande. Allmugen tok til å skrive seg inn i skriftkulturen, og med det skreiv dei seg også inn i retning av ei demokratisering av kunnskap og samfunn. Ein av hovudvegane til demokrati gjekk nettopp gjennom språket – talt, skrive, trykt.

Ei forståing av at noko var norsk og skilde seg ut frå det danske, tok samstundes form. Spørsmålet blei om det danske skriftspråket skulle fornorskast, eller om det burde lagast eit nytt norsk skriftspråk. Mange av debattantane var utolmodige menn i tjuetåra: hardingen Laurents Hallager (25), hadelendingen Gregers Fougner Lundh (21), oslogutane Peter Andreas Munch (22) og Henrik Wergeland (24) – og sunnmøringen Ivar Aasen (22). Berre ein av dei gjorde noko med det.

### **1802**

I *Norsk Ordsamling* gir legen Laurents Hallager omfangsrrike prøver på norske ord og talemåtar, og den første norske grammatikken i trykt form.

### **1806**

Språkforskaren og økonomen Gregers Fougner Lundh frå Hadeland skriv i eit notat at dei norske dialektane er så rike på ord og uttrykk at dei bør samlast til eitt nytt språk.

### **1807**

Offiseren og læraren Hans Morten Winsnes skriv i boka *Vinteraftener* at embetsmennene må lytte nøye til allmugens språk og talemåtar.

### **1809**

Første trykkeriet på bygdene i Noreg. På Ekset i Volda tek Sivert Aarflot i bruk det nye trykkeriet sitt til både enkeltskrifter og opplysningsavisa han set i gang, *Norsk Landboeblad*. Det første han prentar, er eit flygeblad om Napoleon. Tolv år tidlegare hadde han opna bibliotek same staden. Med tida blir Ivar Aasen ein av dei flittigaste brukarane av boksamlinga.



**1813**

5.8. blir Ivar Aasen fødd.

**1816**

Den første språkdebatten. I det nye tidsskriftet *Saga* tek presten Johan Storm Munch og Jacob Aall til orde for ”at udluge det fremmede Ukrud, som har qvalt Nordens herlige Tungemaal” og hente norrøne ord frå talemåla til allmugen inn i det dansknorske skriftspråket.

**1831**

Stortingsrepresentant og advokat Jonas Anton Hielm skriv i ein tidsskriftartikkel at kunnige nordmenn bør gå saman om å lage ordbok og grammatikk for ”Landets virkelige Sprog”.

**1832**

I eit svar til Hielm skriv språkforskaren Peter Andreas Munch at ein heller bør gå ut frå éin av dialektane og jamføre denne med norrønt.

**1835**

Før hundreåret er omme må Noreg ha fått sitt eige skriftspråk, skreiv diktaren Henrik Wergeland i ein artikkel i 1832, som no blir prenta i *Bondevennen*.

**1836**

I januar skriv Ivar Aasen det vesle programskriftet *Om vort Skriftsprog* der han for første gong formulerer det språkpolitiske programmet sitt, truleg som eit tenkt svar til Munch og Wergeland. Artikkelen kjem først på prent i *Syn og Segn* 1909.

**1841**

2.8. møter Ivar Aasen biskop Jacob Neumann i Bergen, der han m.a. orienterer han om studiane sine i sunnmørsmålet. Samtalane fører til at Neumann skriv om Aasen i *Bergens Stiftstidende*, og frå Neumann får formann Frederik Moltke Bugge i Vitskapsselskapet i Trondheim vite om Aasen og planane hans. Vitskapsselskapet løyver midlar til Aasen for at han skal kunne utføre målgranskingar fleire stader.

**1842**

29.9. legg Ivar Aasen ut på si første språklege innsamlingsreise, den såkalla langferda. Innsamlingsarbeidet varer i 26 år.

**1845**

Gammalnorsk blir jamstelt med hebraisk på Universitetet i Kristiania.

**1847**

24.9 kjem Ivar Aasen til Kristiania etter eit opphald i Trondheim frå desember

1946. Resten av livet blir han buande, men ikkje bufast, i hovudstaden.

**1848**

27.3. gir Ivar Aasen ut *Det norske Folkesprogs Grammatik* ”paa det kongelige norske Videnskabs-Selskabs Bekostning”.

# Den fyrste gong (1849–1876)

Gjennom dei tretti åra som no følgde etter Aasens grunnskifter, blei landsmålet teke i bruk på felt etter felt. Både då og seinare viste det seg at alle slike nyvinningar utløyser motvilje, reaksjonar, motstand. I 1853 gav Ivar Aasen ut den første boka skriven på landsmål. Berre av religiøse bøker var det då gitt ut minst 3400 titlar på dansk sidan 1550, og ute i dei tusen heimar fanst det tusen på tusen av skrifter på dansk. Særleg viktig blei skulen. Alt i 1850-åra tok lærarmøte landet over til orde for eit meir folkeleg språk i skulen, så elevane kunne forstå undervisninga. Ei ny lov om landsfolkeskulen frå 1860 etablerte skulen som ein verdsleg institusjon, lausriven frå kyrkja sin kontroll. Heilt nye lærebøker gjorde landsmålet til ein del av lesekunna til elevane. Og tanken om eit organisert arbeid for landsmålet vann fram.

## 1849

5.1. publiserer Ivar Aasen den første trykte teksten på landsmål, ”Samtale imellem to Bønder (om Begivenhederne i Udlandet)” i *Morgenbladet*, som set til denne merknaden: ”Sprogformen er dannet ved Sammenstilling av flere Dialekter”.

2.10. blir nemninga ”landsmål” brukt for første gong, i eit brev til Olaus Vullum frå Ivar Aasen. Ordet blir i 1929 erstatta med ”nynorsk” (sjå 1929).

## 1850

30.6. er *Ordbog over det norske Folkesprog* av Ivar Aasen ferdig trykt, ”efter det kongelige norske Videnskabers-Selskabs Foranstaltning og paa dets Bekostning”.

## 1851

13.7. kjem Ivar Aasen til Tromsø, det nordlegaste punktet på dei mange ferdene hans.

21.7. vedtek Stortinget samrøystes å gi Ivar Aasen 300 spesidalar i fast årleg løn til ”Forskninger vedr. det norske Folkesprog”. Summen blir seinare auka fleire gonger, sist i 1881 til 3000 kr.

## 1852

I oktober byrjar det første større offentlege ordskiftet med kvass kritikk mot den nye målreisningstanken frå blant andre historikaren Ludvig Kr. Daa og filosofen Marcus Jacob Monrad. I Oslo-avisene er orda krasse: ”Sværmeri!”

## 1853

20.6. gir Ivar Aasen ut *Prøver af Landsmaalet i Norge* på eige forlag. Her lanserer han

grunntrekka i sin normal for landsmålet.

### 1854

6.2. framfører Det norske Theater *I Marknaden* av Ivar Aasen, det første scenestykket på landsmål, ein samtale mellom ein trønder, ein austlending og ein vestlending.

8.2. blir same stykket framført for stortingsrepresentantane.

### 1855

29.4. har skodespelet *Ervingen* av Ivar Aasen premiere i Det norske Theater, Kristiania.

### 1856

2.5. kjem *Norske Ordsprog* av Ivar Aasen.

1.8. skriv Niels Juel brev til Ivar Aasen på landsmål. Truleg er dette det første privatbrevet på landsmål. Sjølv hadde Ivar Aasen skrive eit brev på sunnmørsdialekt året før, men brev på landsmål skreiv han ikkje før 1861 (sjå 1874).

### 1857

Dei to første diktsamlingane på landsmål kjem ut: Bernhardine Catharine Bruns dikt- og visesamling *Nogle Decemberfrembringelser i Landsmaalet fra det sydligste Søndhordland 1856* og Eirik Sommers *Sogavisor*, på eige forlag.

### 1858

10.10. gir Aasmund Olavsson Vinje ut første nummeret av *Dølen*. Siste nummeret kjem ut 24.7.1870. Med dette bladet set Aasmund Olavsson Vinje ein ny og høg standard for norsk journalistikk og sakprosa på landsmål.

Den første boka som blir omsett til landsmål, blir utgitt av Selskabet til Folkeoplysningens Fremme: *Fridtjovs Saga*, omsett av Ivar Aasen.

### 1859

14.3. er Ivar Aasen i "Maallag" hos Aasmund Olavsson Vinje.

17.5. held Aasmund Olavsson Vinje tale for dagen på Eidsvoll; truleg den første offentlege talen på landsmål.

Kristofer Janson held russetale på hardangerdialekt i Kristiania.

### 1860

23.1. vedtek Odelstinget at gammalnorsk skal vere valfritt fag i gymnaset. Det er A.O. Vinje som har gjort framlegg om dette. Regjeringa nektar å sanksjonere vedtaket.

8.4. står "Leitande etter Blaamann" (Blåmann, Blåmann...) av A.O. Vinje på trykk i *Dølen*.

## 1861

20.4. står ”Paa fjellit” (Hu hei! Kor er det vel friskt og lett) av Kristofer Janson på trykk i *Studenterblade*.

5.10. blir det første mållaget, Maalfelaget, skipa i Kristiania av 33 personar. Aasmund Olavsson Vinje gir ut *Ferdaminni fraa Sumaren 1860* på eige forlag.

## 1862

Første læreboka på landsmål. Aasta Hansteen gir ut tekstsamlinga *Skrift og Umskrift*.

## 1863

20.6. kjem *Symra* av Ivar Aasen på P.T. Mallings Forlagsboghandel.

Peter Andreas Jensens *Lesebog for Folkeskolen og Folkehjemmet* blir som den einaste læreboka godkjend for bruk i skulen. Leseboka inneheld elleve tekstar på landsmål og dialekt. Frå no av møter i prinsippet alle skuleelevar tekstar på landsmål.

## 1864

29.3. blir den reviderte utgåva av Ivar Aasens *Norsk Grammatik* annonsert, utgitt av P.T. Mallings Forlagsboghandel.

1.11. blir den første folkehøgskulen, Sagatun, skipa på Hamar med Olaus Arvesen og Herman Anker som lærarar. Skulen blir nedlagd i 1891.

## 1865

14.10. kjem første nummeret av *Ferdamannen* med Henrik Krohn som redaktør og utgivar. Siste nummer kom 4.1.1868.

Kristofer Janson gir ut den første novellesamlinga på landsmål, *Fraa bygdom*, på Ed. B. Giertsens forlag i Bergen.

## 1867

1.5. blir J.W. Eides Bogtrykkeri i Bergen skipa.

Marius Nygaard gir ut ein mindre landsmålsgrammatikk, *Kortfattet Fremstilling af det norske Landsmaals Grammatik* på Ed.B. Giertsens Forlag i Bergen.

## 1868

21.1. blir Vestmannalaget skipa av 36 personar i Bergen med Henrik Krohn som første formann.

24.3. blir Det Norske Samlaget skipa av meir enn 100 frammøtte i Kristiania med H. E. Berner som første formann. Den første boka frå forlaget er *Søgnir fraa Hallingdal*, samla av J. E. Nielsen.

16.12. blir det som truleg er det første kjende rettsdokumentet på landsmål tinglese: A.O. Vinjes pantebrev på Eidsbugarden – med sitt innslag av skjemt.

Kristofer Janson gir ut den første romanen på landsmål, *Han og ho*, på Ed.B.

Giertsens forlag i Bergen.

Den første boka omsett til landsmål frå eit ikkje-nordisk språk, kjem ut i Bergen: John Bunyans *Pilgrimsferd or denne Verdi til den komande*, omsett av Georg Grieg.

*Den norske Folkeskole* prentar juleevangeliet på landsmål, omsett av biskop Anton Chr. Bang. Dette er den første Bibel-omsetjinga til landsmål som blei prenta.

Georg Grieg gir ut si omsetjing av *Martin Luthers litle katekisma* på F. Beyers Forlag i Bergen.

Det første frilyndte ungdomslaget. Mølju heiter laget, Sel i Gudbrandsdalen er staden, Ivar Blekastad er mannen bak.

### 1869

I mars kjem første utgåva av *Nokre Salmar, gamle og nye* av Elias Blix ut på Det Norske Samlaget i Kristiania. Heftet inneheld 13 salmar. 4. utgåva kjem ut i 1891, no med 150 salmar.

7.4. vedtek Odelstinget gammalnorsk som valfritt fag i den høgre skulen. Framlegg om dette blei vraka i 1862 etter at Kongen i 1860 nekta å sanksjonere eit slikt vedtak.

Den første læreboka på landsmål, *Lesebok i Landsmaalet* av Olav Paulson, kjem ut på Ed.B. Giertsens forlag i Bergen.

### 1870

17.5. gir Vestmannalaget ut første nummeret av tidsskriftet *Fraa By og Bygd* med Henrik Krohn som redaktør. Bladet går inn i 1879.

Vestmannalaget gir ut *Evangeliet etter Markus*, omsett av Georg Grieg. Dette er den første større bibelomsetjinga til landsmål.

Dette året eller i 1871 held Kristofer Janson som den første ei preike på landsmål, på Romundgard i Sel i Gudbrandsdalen.

### 1871

1.7. kjem første nummeret av bladet *Fram* med Olaus Fjørtoft som redaktør og utgivar. Siste nummeret kjem 28.2.1874.

L. M. Lindemann set tone til ”Nordmannen” av Ivar Aasen.

### 1872

7.1. held Kristofer Janson den første preika på landsmål i ei kyrkje, i Fåberg kyrkje i Gudbrandsdalen.

### 1873

P. T. Malling gir ut Ivar Aasens *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*.

### 1874

Niels Juel møter på Stortinget frå Søndre Bergenhus (Hordaland). Han var truleg den første som brukte landsmål frå talarstolen i Stortinget (sjå 1856).

20.5. drøftar Stortinget for første gong målsaka. Ole Anton Qvam har føreslått at det skal undervisast i både gammalnorsk og landsmål ved lærarskulane. Framlegget om landsmål fell med 43 mot 34 røyster.

## 1875

29.5. kjem tredje utgåva av *Symra* av Ivar Aasen, med notetillegg av J.N.

Kobberstad og eiga utgåve for blandakor av Chr. Haslerud.

Elias Blix publiserer ”No livnar det i lundar” og ”Med Jesus vil eg fara” i 2. utgåva av *Nokere Salmar* (sjå 1869).

I juli kjem dei to einaste nummera av bladet *Finnmarkingen* i Vadsø med Karl Akre og Ananias Brune som redaktørar. Det blei det nordlegaste bladtiltaket på landsmål.

Bonden Per Bø i Gausdal utfordrar så vel prost og amtmann ved å skrive ei rekkje brev til offentlege styresmakter på landsmål. Justisdepartementet gir amtmannen rett i at dette språket ikkje kan brukast i offentlig teneste, og Kyrkjedepartementet melder via amtmannen at dei nektar å svare på brev som er skrivne på landsmål. Per Bø døyr i 1878.

## *Kateter, skrivebord og preikestol (1877–1895)*

Framleis var det som regel enno forbode å bruke det nye språket i praksis. Både lærarar, klokkarar og prestar var sivilt ulydige for å sikre at landsmålsbrukarane fekk sine formelle og reelle rettar. Landsmålet blei kristna, talemåla til elevane slepp inn i skulen og blir verande der, i pressa melder ei rekkje blad overgang til landsmålet, som no blir sunge inn i folkesjela. Jamt fleire miljø av målfolk tek form, jamvel i avisredaksjonar. I 1885 vedtek Stortinget å jamstille dei to målformene i landet. No er Noreg offisielt ein språkdelt kultur, og frå 1892 må kyrkjelydane og skulestyra ta stilling til denne språkdelinga.

### **1877**

6.10. kjem første nummeret av avisa *Fedraheimen*, med Arne Garborg som redaktør. Siste nummeret kjem i juni 1891. Då har meir enn ti personar vore med og redigert bladet.

13.11. blir det første skule- og studentmål laget skipa, Målvinarlaget ved Stord lærarskule, med Oddmund Vik som første formannen.

24.11. prentar *Fedraheimen* "Den fyrste songen" av Per Sivle.

Norskdomsrørsla får sitt programskrift. Arne Garborg gir ut *Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse. Et Forsøg paa en omfattende Redegjørelse, formet som polemiske Sendebreve til Modstræverne*, i kommisjon hos Alb. Cammermeyers Forlag i Kristiania, forma som polemiske brev.

### **1878**

14.5. vedtek Stortinget samrøystes å be regjeringa sjå til at læreplanane fastset at "Undervisningen i Almueskolen bør saavidt muligt meddeles paa Børnenes eget Talemaal. Efterhaanden opøves de i at forstaa og skriftlig at udtrykke sig i Bogsproget".

15.5. står "Norsk Fedralandssong" (Gud signe Noregs land) av Arne Garborg på prent i *Fedraheimen*.

1.9. er fristen for å levere manuskript til ein konkurranse som Vestmannalaget har lyst ut om beste ABC-boka på landsmål.

Arne Garborg debuterer med romanen *Ein Fritenkjar*, prenta som føljetong i *Fedraheimen*. Romanen kjem i bokform i kommisjon hos Alb. Cammermeyer i 1881.

For første gong nyttar ein kommunal etat, likningskontoret i Hylestad i Setesdalen, landsmål. Amtmann N. Bonnevie gir skarp påtale 6.9.1879: "Saadanne Sprogøvelser kunne have Interesse, men høre ikke hjemme i offentlige Protokoller". Med støtte i Grunnlova avviser likningsnemnda dette 6.1.1880.



## 1879

26.3. melder Fedraheimen at Andreas Austlid i Lom har vunne konkurransen om beste ABC-boka på landsmål. Det kom inn fem manuskript (sjå 1878 og 1880).

8.8. sender Kyrkjedepartementet ut rundskriv om at ”Undervisningen i Almueskolen saavidt muligt meddeles paa Børnenes eget Talesprog”.

Det Norske Samlaget gir ut den første boka av Steinar Schjøtt: *Norigs Soga. Til Heimelesning og Bruk fyr Lærarar*. Boka kjem i åtte utgåver fram til 1920.

Marius Hægstad gir ut *Norske Maallæra elder Grammatik i Landsmaalet* på eige forlag; boka kjem til saman i 11 utgåver.

## 1880

Vestmannalaget gir ut den første ABC-boka på landsmål, *ABC-Bok* av Andreas Austlid (sjå 1878). Boka blir raskt teken i bruk mange stader og kjem i ny utgåve i 1888.

S. G. Griggs of Chicago gir ut den første landsmålsboka som er omsett til engelsk, *The Spell-Bound Fiddler (Den Bergtekne, 1876)* av Kristofer Janson.

Edvard Grieg publiserer opus 33, *12 Vinje-melodier til dikt av A. O. Vinje*.

## 1881

17.6. vedtek Stortinget med 89 mot 20 røyster å løyve 1000 kr til Det Norske Samlaget for prøveomsetjing til landsmål av ein del av *Det nye testamentet*. Samlaget bed Elias Blix om å omsetje Romarbrevet. Blix svarar ja under føresetnad av at Ivar Aasen hjelper til.

## 1882

Om vinteren er Blix ferdig med prøveomsetjinga frå *Bibelen* (sjå 1881).

Det første lærarkurset i landsmål blir halde, ved Sogndal folkehøgskule med Andreas Austlid i spissen for lærekreftene. Det er vedtaket frå 1878 om at elevane skulle kunne bruke heimemålet sitt i allmugeskulen som gjer at lærarane må utvide språkkunnskapane sine.

## 1883

Ivar Mortensson Egnund får nei til å bruke landsmål ved teologisk embetseksamen, men nyttar det ved munnleg eksamen før jul (sjå 1902).

## 1884

1.9. legg Venstre fram det første valprogrammet for eit norsk parti. Mange har arbeidd for at målsaka skal omtalast i programmet, men i staden blir dette punktet teke med i eit seinare arbeidsprogram.

23.9. vedtek lærarar på eit fylkesmøte i Sogn og Fjordane den såkalla Vadheimsresolusjonen, der dei krev jamstelling mellom dei to målformene i skule og forvaltning. Fram til 1.6.1885 kjem det bort imot 50 slike vedtak.

25.12. syng kyrkjelyden i Lårdal kyrkje i Telemark utan løyve Blix-salmen ”No koma Guds englar i helsing med sky”. Blix var då kyrkje- og undervisningsminister. Dette er første gongen ein Blix-salme blir sunge i ei kyrkje. Først åtte år seinare blir det lov å syngje salmar på landsmål i kyrkjene.

Den første barneboka på landsmål kjem ut: *Klas Omnstav og mange morosame stykke for born* av Zak. Topelius, omsett av Stefan Frich, utgitt av Olaf Huseby & Olaf Olsen.

## 1885

24.1. skriv prost Sønke Sønnichsen i Lårdal, Telemark, til Kyrkjedepartementet og bed om å få bruke Blix-salmane i kyrkja. 22.8. avgjer statsråd Jakob Sverdrup at saka skal ”bero indtil videre”.

14.2. fremjar 41 stortingsrepresentantar med Niels Juel, Lars Liestøl og H.E. Berner i spissen følgjande framlegg: ”Storthinget ynskjer, at Regjeringi vil sjaa til kva som best kann gjerast for at det norske Folkemaalet, i dei Maatar, som i dette Brevet er innmeldt, kann faa full Rett og Fridom jamsides med Bokmaalet”. Representantane kjem frå alle fylke unnateke Vestfold, Troms og Finnmark.

25.3. blir landsmål for første gong nytta i ein annonse frå det offentlege. Det er Ivar Høyem, formann i Bremanger skulekommisjon, som lyser ut ein lærarpost i *Norske Kundgjørelsestidende*.

30.4. held Elias Melvær det første innlegget i Stortinget som blei referert på landsmål i Stortingstidende. Saka gjaldt løyving til kurs i landsmål for lærarar.

2.5. løyver Stortinget med 73 mot 25 røyster 6000 kr til landsmålskurs for lærarar. Slike kurs er blitt nødvendige etter vedtaket i 1878.

12.5. vedtek Stortinget med 78 mot 31 røyster at ”Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.” Vedtaket er seinare blitt kalla jamstillingsvedtaket.

7.6. går samtalelaget Fram i Brunkeberg i Telemark i gang med å omsetje Fadervår, inngangs- og utgangsbøn til landsmål. Det er uvisst kva som kom ut av dette.

15.12. vedtek kommunestyret i Fjelberg i Hordaland, med Niels Juel som ordførar, at landsmålet skal nyttast ”ved all Brev- og Bokføring i Heradsstyrets Tenesta”. Dette er det første vedtaket om landsmål som administrasjonsspråk i ein kommune.

## 1886

20.1. får Moltke Moe eit nyoppretta professorat i ”norsk folkesprog og norsk folketradisjon”.

I januar vedtek sparebanken i Snåsa, Nord-Trøndelag, som den første lovne sine på landsmål: ”Loger fyr Sparebanken i Snåsen”: ”Maalet fyr denne sparebanken er aa gjera pengar, som ikkje brukast, frugtberande og saa kunne gjeva næringsdrivande folk laan paa rimelege vilkor.”

7.4. kjem det første stortingsdokumentet på landsmål: *Innst. O. Nr. 28*, underskrive av A. Qvam og Lars Liestøl.

Mons Litleré kjem i gang med Norskmaalets bokhandel i Naustdal, flyttar seinare til Bergen med sitt Mons Litlerés Forlag. Den første boka gir han ut i september: *Forteljingar*, ein antologi. Før drifta stansar i 1895, gir han ut om lag 115 titlar. Av desse er 80 på landsmål.

## 1887

I januar gir Kristen Stalleland ut første nummeret av *Sysvorti* med undertittelen ”Norskt Barnablad” i Grimstad, frå 1891 kalla *Norsket Barneblad* og frå 1916 *Norsk Barneblad*. Til første nummeret får han 36 tingarar. Etter eit opphald i 1893 har bladet kome ut heile tida, men det fører lenge eit usikkert liv under skiftande redaktørar til Andreas Haavoll tek over i 1913 og styrer bladet i 40 år. Bladet er det eldste bladet på landsmål som framleis kjem ut, og det er eit av dei eldste barneblada i verda.

Per Sivle debuterer med *Sogor. Ein bundel* og *Vossa-Stubba* på Det Norske Samlaget.

Første lokalavisa på landsmål. Etter initiativ frå Synnøve Riste kjem *Vestmannen* i gang i Volda, redigert av Rasmus Steinsvik.

## 1889

25.5. kjem prøvenummeret av det kristelege bladet *Stille Stunder* med Johannes A. Barstad som redaktør. Frå og med første ordinære nummeret 13.7. har bladet kome ut utan avbrot. Svært mange salmar blir første gongen prenta i bladet, som ein forløpar til *Nynorsk Salmebok* (sjå 1925). Bladet kjem framleis ut, no i Hordaland.

*Det nye Testamente* ligg føre på landsmål frå Det Norske Samlaget, omsett av Elias Blix, Johannes Belsheim og Matias Skard (sjå 1881). Då omsetjinga var ferdig, skal Ivar Aasen ha sagt til Elias Blix: ”Hadde me fenge ei slik umsetjing paa reformasjonstidi, so hadde mangt vore annleis i Norig no, og serleg vilde det set annleis ut ved mang ei daudsseng.”

## 1890

28.4. vedtek Odelstinget med dobbelrøysta til odelstingspresident Carl Berner at studentane ved lærarskulane kan bruke landsmål i den munnlege opplæringa. Lova blir sanksjonert 14.6.

13.11. prentar *Nordmannen* ”Fedralandet” (Gud signe vårt dyre fedreland) av Elias Blix.

Bygland i Aust-Agder og Hosanger i Hordaland tek som dei første kommunane i bruk landsmål som opplæringsspråk i skulen, to år før dette er lovfesta (sjå 1892).

Jonas Vellesen gir ut læreboka *Den fyrste bok åt barnet* på F. Beyers Forlag i Bergen. Seinare gir han ut ei rekkje lærebøker på landsmål; somme av dei blir brukte i over 40 år.

## 1891

Rasmus Løland debuterer med *Folkelin* på Mons Litlerés Forlag.

## 1892

Lokal råderett over kyrkjemålet. 4.3 autoriserer statsråd Wilhelm Andreas Wexelsen Elias Blix' *Nokre Salmar* til bruk i kyrkja "hvor Beslutning om saadan Benyttelse bliver fattet af Menighedens Husfædre".

22.5. og 19.6. innfører dei første kyrkjelydane, Skage og Ranum i Overhalla, Namdalen, Blix-salmane. Statsråd Wexelsen hadde på denne tida permisjon frå embetet som sokneprest i Overhalla.

Lokalsamfunna får også råderett over skulemålet. 27.5. vedtek Odelstinget med 64 mot 21 røyster i lov om landsfolkeskulen at "Skolestyret bestemmer, om Skolens Læse- og Lærebøger skal være affattede paa Landsmaal eller i det almindelige Bogmaal, og i hvilket av disse Maal Elevernes skriftlige Arbejder i Almindelighed skal affattes. Dog skal Eleverne lære at læse begge Maal". Lova blir sanksjonert 6.7.

## 1893

14.6. prentar *Firda* "Aa liva" (Å leva det er å elska) av Anders Vassbotn.

28.7. sender Kyrkje- og undervisningsdepartementet ut rundskriv om at desse bøkene skal vere mønster for rettskrivinga på landsmål: *Nokre salmar* av Elias Blix, *Lesebok i det norske folkemaal for høgre skular* av Arne Garborg og Ivar Mortensson Egnund, *Norsk Maallæra* av Marius Hægstad, landsmålsutgåva av Nordahl Rolfsens leseverk og *Norsk Grammatik* av Ivar Aasen.

7.11. kjem første nummeret av ungdomsbladet *Unge Skud* med Lorentz Nybø som redaktør og utgivar. Frå 1895 er det meste av bladet på landsmål. Frå 1897 blir det organ for Noregs Ungdomslag, og i 1899 skiftar det namn til *Unglyden*. I 1916 blir det slått saman med *Bodstikka* (sjå 1913).

Olaf Huseby i Kristiania gir ut *Nokre Salmar* av Elias Blix som tillegg til Landstads salmebok. Fem år etter har han alt prenta 204 000 eksemplar.

## 1894

6.1. kjem første nummeret av *Den 17de Mai* med Rasmus Steinsvik og Arne Garborg som redaktørar. Bladet blir dagsavis frå 1898 og går inn 15.3.1935.

4.6. vedtek Lagtinget med 18 mot 10 røyster den første lova på landsmål, "Log um sams normaltid fyr kongeriket Norig", omsett av Marius Hægstad. Lova blir sanksjonert 29.6 og gjord gjeldande frå 1.1.1895. I Odelstinget røysta 44 for, 38 mot. Lova gjeld framleis.

I november gir Det Norske Samlaget ut prøvenummeret av *Syn og Segn*, med Rasmus Flo, Arne Garborg og Moltke Moe som skriftstyre. Samlaget annonserer for bladet 10.12.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet godkjenner for første gong

eksamenssvar på landsmål ved ein lærarskule, i Levanger.

### 1895

Brita Bjørgum gir ut *Kari Lidi*, den første lengre forteljinga på landsmål skriven av ei kvinne. Boka blir utgitt i kommisjon hos Hydle & Co i Bergen.

Hans Ross gir ut *Norske Ordbog* på Alb. Cammermeyers Forlag.

Organisasjonen Målkassa blir skipa i Kristiania, med lokale ”sysselmenn” som skal vere bindeledd mellom hovudstyre og medlemmer. Medlemmene skal betale ein fast sum i månaden (sjå 1898).

# *Målrørsle gjennom landet (1896–1910)*

Arbeidet for eit nytt skriftspråk tok form som ei ny folkerørsle. Ut or folkehøgskular, leselag og samtalelag danna det seg ei frilyndt ungdomsrørsle, og det allmenne politiske arbeidet kravde større slagkraft. Mange slutta seg raskt til dei landsomfemnande organisasjonane Noregs Ungdomslag (1896) og Noregs Mållag (1906), som begge bygde på tanken om folkeopplysning. Landsmålet vedrørte dei fleste sider av livet, blei nært knytt til den nye interessa for folkeviseleik og folkedrakter, og viste att i gatebiletet gjennom kaffistover og bondeheimar. No mobiliserte også motstandarane av landsmålet med større tyngd, og enkelte politiske parti tok til å programfeste målpolitiske standpunkt.

## **1896**

17.3. tek Marius Hægstad i *Den 17de Mai* til orde for at ”ingen vert student utan aa hava skrivet iallfall ein av dei norske stilar til artium paa landsmaal”. Fire dagar seinare er redaktør Rasmus Steinsvik på leiarplass uviss på om det er klokt å ta eit så stort steg no. 7.4. skriv Arne Garborg i same avisa at ein må vere varsam med tiltak som kan skape meir strid mellom nordmenn og nordmenn.

19.6. vedtek Odelstinget med 48 mot 35 røyster i ny lov om den høgre skulen at ”de skriftlige Opgaver kan affattes saavel paa Landsmaalet som paa det almindelige Bogmaal”. 10.7. vedtek Lagtinget det same med 20 mot 9 røyster. Lova blir sanksjonert 27.7.

12.7. blir Noregs Ungdomslag skipa i Trondheim av 18 representantar frå 7 fylkeslag med Peter Slotsvik som første formannen.

13.8. prentar *Den 17de Mai* ”Barndomsminne” (Å, eg veit meg eit land) av Elias Blix, som Adolf Thomsen seinare set tone til (sjå 1901).

## **1897**

12.7. vedtek Stortinget med 65 mot 47 røyster å sende over til regjeringa ei ”Anmodning om at lade Lovtexten i kongelige Propositioner til Love affatte saavel i LandsMaal som i det almindelige Bogsprog, hvor saadant findes hensigtsmæssigt, og at forelægge Storthinget en Plan angaaende Udgivelse i Landsmaal af gjældende Love”. I 1898/99 kjem det to slike proposisjonar, men først i 1920 blir neste lov på landsmål vedteken.

9.12. vedtek Det norske Bibelselskap å be om å få overta ansvaret for Samlagets landsmålsomsetjingar frå *Bibelen* (sjå 1889). Samlaget går med på dette under den føresetnaden at testamente alltid skal lagerførast på landsmål.

Albert Cammermeyer i Kristiania gir ut den første *Norske Ordlista* av Lars

Eskeland. 4. utgåva kjem 1911.

## 1898

24.6. held Anders Hovden opningstale for det nye Ivar Aasen-museet som familien Aasen har reist på heimetunet i Ørsta.

29.7. vigslar statsråd Ole Anton Qvam Håkonshallen i Bergen. Same kvelden tek Vestmannalaget hallen i bruk med stort olsokstemne, som avslutning på tre dagar med målmannsstemne og kappleik.

Karneval på landsmål: 1.9. opnar Den Norske Marknaden i Tivoli-komplekset i Kristiania under leiing av Julius Werner, Halvdan Koht (kasserar), Kaja Bruun, Hulda Garborg, Magnus Hydle og Otto Valstad, i regi av Målkassa (sjå 1895). Dei held det gåande i 18 dagar med denne første store mønstringa av norsk folkekultur i hovudstaden. Overskotet på 20 450 kr (godt og vel 1,1 mill 2005-kroner) blir mellom anna brukt til å skipe Bondeungdomslaget i Oslo, Det norske Spellaget og å drive Norsk Maalkontor frå 1900. Med det får målrørsla for første gong eit sekretariat.

I oktober kjem *Norsk songbok for ungdomsskular og ungdomslag* ved Olaus Alvestad på Alb. Cammermeyers Forlag. Ei eiga tonesamling kjem i 1903. I songboka er nær halvparten av dei meir enn 500 songane på landsmål. Songboka kjem i mange opplag og utgåver i det 20. hundreåret, og blir trykt i til saman mange hundre tusen eksemplar.

## 1899

7.1. blir det første fylkesmålslaget, Austmannalaget, skipa i Elverum med O.A. Eftestøl som formann.

10.3. blir Det norske Spellaget skipa med Magnus Hydle som første formann. Laget har første framsyninga 21.3, men laget går inn etter kort tid (sjå 1910).

Olaf Huseby gir ut heftet *Salmar og tekster til kyrkjebruk den 17de mai* med omsetjingar av Elias Blix og med den nye 17. mai-salmen hans, "I Norigs Vetter rann ein Vaar". Seinare får heftet eit tillegg for olsokfeiringa, og blir då utgitt av Noregs Ungdomslag.

17.5. blir det for første gong halde heile gudstenester på landsmål, i dei tre Telemarks-kyrkjene Lårdal, Seljord og Vinje, av prestane Jakob Kornbrekke, Kristian Olsen Nordlid og Bernt Theodor Anker.

6.10. held Marius Hægstad den første førelesinga på landsmål ved Universitetet i Kristiania; han var 8.7 blitt utnemnd til det første professoratet i "landsmaalet og dets dialekter" ved universitetet.

15.10. blir Bondeungdomslaget i Oslo som det første bondeungdomslaget skipa av kring 150 framømte med Klaus Sletten som første formannen. Tiltaket er ei direkte følgje av marknadssuksessen året før.

12.11. held Ivar Mortensson-Egnund preike i unitarkyrkja i Kristiania. Dette er den første preika på landsmål i hovudstaden (sjå 1872).

27.11. blir Kristiania Rigsmaalsforening skipa (sjå 1907).

Hulda Garborg sender ut det første oppropet om å bli med i eit spellag for teaterstykke på landsmål.

Det norske Bibelselskap gir ut ei revidert utgåve av *Det nye testamente*, gjennomsett av Elias Blix.

## 1900

16.1. vedtek Stortinget samrøystes å be om om at namn på administrative einingar ”må verta umvølte på norsk eller umbytte med nasjonale namn, der dette trengst”. Framlegget kom frå Nils Skår ofl, og vedtaket fører til at departementet set ned ei nemnd (sjå 1908).

I januar kjem første nummeret av *Norrøna – Det fyrste blad paa norsk maal i Vesterheimen* [USA], med Peer Storeygard som redaktør og utgivar.

21.4. får Kyrkjedepartementet Peter Hognestads omsetjing til landsmål av *Tekstbok og altarbok for Den norske Kyrkje* (sjå 1907, 1908). Det var Olaf Huseby som året før hadde oppmoda han om å gjere dette.

31.10. blir Studentmaallaget i Kristiania skipa med Leiv Heggstad som første formann.

Nationalforlaget gir ut Steinar Schjøttts omsetjing av *Snorres kongesoger* i eit førsteopplag på 30 000 eksemplar. Før året er omme, har om lag 16 000 kjøpt boka.

3.5. blir Prestemaallaget skipa med Bernt Støylen som første formannen. Om lag 50 prestar og teologar blir med.

Jens Vevstad gir ut dei to første skjemteblada redigerte på landsmål, *Dølen* og *Frifanten*.

Norskt maalkontor blir skipa i Kristiania som eit samarbeidstiltak mellom Målkassa (sjå 1895) og Det Norske Samlaget, og etter initiativ frå Klaus Sletten, som også styrer kontoret dei første åra.

## 1901

6.2. fastset regjeringa i kongeleg resolusjon den første offisielle rettskrivinga for landsmål, den såkalla Hægstad-normalen. Den såkalla midlandsnormalen blir innført som sideform for skuleelevane.

31.3. held Peter Hognestad preike på landsmål i Johanneskirken i Kristiania. Dette er den første preika på landsmål i Den norske kyrkje i hovudstaden, til sterke protestar frå fleire aviser.

17.5. blir melodien til ”Den nordnorske nasjonalsongen” teken i bruk. Det er Adolf Thomsen som har komponert den no så folkekjære tonen til diktet ”Å eg veit meg eit land” av Elias Blix (sjå 1896).

1.6. skriv Anders Lothe norskstil på landsmål ved mellomskuleeksamen ved Hans Tanks skole i Bergen. Lothe blir nekta sensur, men Kyrkjedepartementet pålegg skulen å gi han karakter, samstundes som Lothe skal skrive ein tilleggsstil på bokmål. Lothe blir seinare stortingsmann.



Det er blitt mogleg å gjere pengar på landsmålet. 8.9. opnar BUL Oslo den første kaffistova i Noreg i Øvre Slottsgt. 29, Kristiania under mottoet: "Fyrsteklasses kafé med tridjeklasses prisar". Initiativtakar er Marie Kviberg. Dei neste tiåra kjem det over 160 kaffistover og bondeheimar. Halvparten av kaffistovene ligg i fire fylke: Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Nordland.

28.11. vedtek Odelstinget med 45 mot 40 røyster at det skal vere to oppgåver ved skriftleg norskeksamen i lærarskulane: "Elev, som har avfattet begge i samme sprogform (landsmaal eller bogmaal) skal desutan underkaste sig prøve i skriftlig gjengivelse av et oplæst stykke eller i at skrive en let stil av fortællende indhold i den anden sprogform." Lagtinget vedtek det same med 21 mot 7 røyster. Lova blir sanksjonert i 1902.

Albert Joleik skriv som den første landsmål ved embetseksamen ved Universitetet i Kristiania, sju år før dette blei lovleg, og er nær ved å stryke av den grunn (sjå 1893, 1908).

## 1902

7.3. held Hulda Garborg den første folkedansframsyninga, under ein marknad i Kristiania. Dette året gir Garborg ut *Songdansen i Nordlandi* på H. Aschehoug & Co. Med dette henta ho heim att den tradisjonsrike folkeviseleiken.

Saman med Noregs Ungdomslag set Skuleboknemnda åt Studentmållaget i Kristiania i gang serien *Norske Folkeskrifter*. Det kjem 96 hefte i serien fram til 1964. Alt i 1914 er det kome 62 hefte i eit samla opplag på 313 000 eksemplar. Enkelte hefte blir prenta i svært store opplag, som Friman Korens *Alkoholen og helsa*, spreidd i minst 32 000 eksemplar. Det samla opplaget for alle hefta ligg truleg nær 500 000 eksemplar.

## 1903

31.3. blir Peter Hognestad utnemnd til stiftskapellan i Kristiania. Sjølv om Kyrkjedepartementet til tider strittar imot, held Hognestad alle sine preiker på landsmål. Den første preika i embetet held han i Garnisonskyrkja 18.10.

26.9. gir Paul M. Gjørder ut første nummeret av *Myllarguten* i Volda, ein serie hefte med eldre og nyare tradisjonsmusikk frå Vestlandet, redigert på landsmål. I alt kjem fem hefte fram til 18.2.1905 (sjå 1910).

Oskar Braaten debuterer med novella *Dømd*.

Om hausten blir Pønskarlaget skipa i Kristiania, eit samtalelag og uformelt nettverk for lanbdsmåls-intelligentsia. Laget går truleg inn i 1923.

Skodespelet *Fossegrimen* av Sigurd Eldegard kjem ut på H. Aschehoug & Co.

## 1904

17.5. held Edvard Os russetalen på landsmål ved Wergelandsstøtta i Kristiania; riksmålsruss prøver å hindre han ved å okkupere talarstolen (sjå 1859).

3.12. kjem første nummeret av *Gula Tidend* med Johannes Lavik som redaktør. Avisa blir dagsavis frå 1914, og går inn i 1995.

4.12. prentar *Norsk Barneblad* "Kveldsong" (Fager kveldsol smiler), omsett frå tysk av Peter Hognestad.

Det første juleheftet på landsmål for vaksne, *Jolekvelden*, kjem ut med Halvdan Koht som redaktør. Bladet kom med sitt siste nummer i 1907.

Marius Hægstad gir ut *Norske maalsoga for skule og heim* i serien Norske folkeskrifter.

## 1905

27.1. blir LL Gula Tidend skipa med Johan Berentsen som første formannen, men før året er omme, har Eirik Hirth teke over.

2.12. blir Åse Gruda Skard fødd.

7.12. blir det i alle kyrkjer halde takkefest for unionsoppløysinga.

Kyrkjedepartementet har bestemt at fedrelandssalmen "Gud signe vårt dyre fedreland" skal vere ein av salmane.

Kristofer Uppdal debuterer med *Kvæde* på Olaf Norlis Forlag.

Gula Tidend gir ut første boka si: *Fyrste akten ot Kaupmannen i Venezia* av William Shakespeare, omsett av Edv. G. Johannessen.

I januar set Nationalteatret opp første stykket sitt på landsmål, *Fossegrimen* av Sigurd Eldegard, med musikk av Johan Halvorsen (sjå 1903). Fram til 1910 blir stykket vist 180 gonger på denne scena og på Den Nationale Scene i Bergen.

## 1906

Som det første partiet programfestar Arbeiderdemokratene målsaka i januar.

5.2. blir Noregs Mållag skipa i Kristiania av 131 utsendingar med Marius Hægstad som første formannen. Skipinga skjer dagen før Venstre samlar seg til landsmøte. I januar var det blitt halde eit rådleggingsmøte på Norsk Mållkontor. Frå møtet kjem ei innkalling til eit målmannsstemne for heile landet i Kristiania 4.2. Innkallinga er underskriven av 35 stortingsrepresentantar – 27 frå Venstre, 6 frå Moderate Venstre og 2 frå Arbeidarpartiet.

I september kjem *Songbok for sundagsskule og oppbyggingsmøte* redigert av Bernt Støylen, med m.a. førsteutgåva av hans eige bordvers "Gud signe maten". Boka kjem ut på Norsk søndagsskuleforbunds forlag og inneheld 261 songar og salmar.

Erik Gunleikson opnar bokhandel i Risør (sjå 1912). Drifta stansar i 1938.

Fire sokn i Bygland vedtek å ta i bruk Hognestads liturgi før dette er lovleg (sjå 1900 og 1907). Presten i Bygland heiter Ivar Aartun.

## 1907

Om vinteren skriv Anders Hovden "Fagert er landet", som kjem på prent i *Solbøv* same året.

7.4. blir Norsk Riksmålsforening skipa i Kristiania med Bjørnstjerne Bjørnson som første formannen. Namnet blir endra til Norsk Riksmålsforbund i 1909.

23.4. vedtek Odelstinget samrøystes at ein av stiftskapellanane i Oslo kan

bruke landsmål som kyrkjemål, og at han også kan gjere teneste utanfor stiftet (sjå 1903). Seinare blir ordninga utvida.

23.4. vedtek Odelstinget med 62 mot 30 røyster at elevar skal skrive ein stil på sidemålet til eksamen artium. I Høgre røystar 13 for og 18 mot. 13.5. vedtek Lagtinget samrøystes det same. Lova blir sanksjonert 24.5. og gjord gjeldande frå 1912.

15.9. blir det i Slottskapellet for første gong halde landsmålgudsteneste. Kong Haakon har vist stor velvilje, og ordninga blir fast.

28.10. godkjenner statsråd Abraham Berge ved kongeleg resolusjon Hognestads *Tekstbok og altarbok for Den norske Kyrkje* (sjå 1900, 1907), men boka skal berre brukast ”hvor presten (presterne) til enhver tid ser sig i stand til at præke paa landsmaal” (sjå 1915). Boka kjem ut i mars 1908 på Salmebokforlaget. Då har Bygland i Setesdal alt brukt bøkene eitt år (sjå 1906).

Landsmål blir forretningsspråk. Livsforsikringsselskapet Andvake blir skipa og får mykje å seie for landsmål som eit godt forretningsspråk. Selskapet blir skipa på ny i 1917 med ein aksjekapital på 300 000 kroner.

Olav Duun debuterer med *Løglege skruvar og anna folk* på Olaf Norlis Forlag.

*Songbok aat ungdomslag*, redigert av Sven Moren, blir utgitt av Norsk maalkontor. Den 7. (og siste) utgåva kjem i 1950.

Det Norske Samlaget gir ut første boka i serien ”Norrøne bokverk”, *Soga um Volsungarne*, omsett av Torleiv Hannaas. I tiåra som følgjer, gir forlaget ut godt over hundre titlar i seks ulike seriar med omsette klassiske skrifter.

Lunde & Co i Bergen gir ut den første boka på landsmål, preikesamlinga *Ordet um krossen*. Fram til 1922 sel forlaget om lag 300 000 bøker på landsmål.

Lars Søråas d.e. publiserer den tonen som gjer ”Den fyrste song” av Per Sivle til ein kjær folkesong (sjå 1877).

## 1908

6.1. vedtek regjeringa Løvland ei fornorsking av namn på kommunar og kyrkjesokn i Nordland og Troms (sjå 1900).

4.3. prentar *Den 17de Mai* den første statistikken av Peder Hovdan om bruk av landsmål, om Blix-salmane. Peder E. Hovdan gir ut første utgåva av Målkartet. Dei kommunane som bruker landsmål, blir farga raude. Han lagar nye utgåver av dette kartet i 1920 og 1948.

29.3. blir altarboka på landsmål brukt for første gong, ved gudstenesta i Slottskapellet (sjå 1907).

Om våren tek Olav Midttun over som redaktør av *Syn og Segn* i eit vikariat for Halvdan Koht. Midttun sit som redaktør i 51 år, til og med 1960-årgangen.

Landsmål i heile skuleverket. 5.5. vedtek regjeringa at studentane kan velje mellom riksmål og landsmål i oppgavesvara sine ved universitetseksamen.

Olav Sletto debuterer med *Dei gamle* på Olaf Norlis Forlag.

## 1909

2.9. kjem første nummeret av avisa *Norig* i Skien med Olav Eide som redaktør. Avisen blir dagsavis 1.6.1917, men går inn i 1935.

Steinar Schjøtt's *Dansk-norsk Ordbok* er komplett på H. Aschehoug & Co.

## 1910

11.3. blir Norsk Bokmannslag skipa med Idar Handagard som første formannen, og med 41 medlemmer. Dette laget for landsmålsforfattarar går truleg inn i 1960-åra.

27.10. har Hulda Garborg og Det norske Spellaget si første framsyning, i Asker, før dei legg ut på fleire spelferder. Dei veit kva dei går til; i hovudstadspressa hausta Voss Ungdomslag spitorv då dei spelte teater i Oslo same sommaren.

I april gir Paul M. Gjørder ut første nummeret av *Norsk Toneblad* i Volda, eit musikktidsskrift som bl.a. prentar 280 korarrangement av songar, dei fleste på landsmål. Siste nummeret kjem i mars 1918 (sjå 1903).

Det første (private) landsgymnaset. Etter forarbeid frå Studentmållet i Oslo set Olav Riste og Fredrik Voss i gang eit privat gymnas for landsungdom i Volda. Året etter gjer Leiv Heggstad det same på Voss.

## *Ein liten revolusjon (1911–1929)*

Det nye skriftspråket hadde no vunne plass høgt og lågt i samfunnet, og endringane gjekk fort. I Hordaland og Sogn og Fjordane hadde eit fleirtal av elevane landsmål som hovudmål i 1910, berre 18 år etter at skulekrinsane sjølve fekk velje målform, og kvar tredje kyrkjelyd i landet hadde teke i bruk salmane til Elias Blix. Ved examen artium skulle begge målformene nyttast i skriftleg framstilling, men denne sidemålsordninga gjaldt berre eit fåtal av dei som voks opp. Norskdomsorganisasjonane bygde seg opp på store inntekter frå kaffistovene og bondeheimane, og sette i gang mange nye tiltak. Både i skjønnlitteraturen og på teaterscenene slo den estetiske krafta gjennom. I skjønnlitteraturen var ein ny generasjon landsmålsforfattarar undervegs, og med Det Norske Teatret blei det, frå 1913, ein annan dans på scenegolv.

### **1911**

1.7. kjem første nummeret av avisa *Spegjelen* i Trondheim med Albert Joleik som redaktør. Avisa endrar namn til *Olsoke* 1.4.1915 og går inn sommaren 1921.

Halvor Floden debuterer med barneboka *Brør og halvbrør* på Olaf Norlis Forlag.

I samarbeid med landbruksorganisasjonane skipar BUL Oslo A/S Rosenkrantzgaten Nr 8.

*Almanakke for Noreg* kjem ut for første gong som parallellutgåve til *Almanakke for Norge*, som har kome årvisst sidan 1813.

Gudveig Høyem gir ut firebandsverket *Kringla*, som blir seld i 50 000 eksemplar i utgivingsåret. Dette er den første barneboksuksessen på landsmål og i det heile det nynorske bokverket som har selt mest.

### **1912**

6.1. kjem første nummer av vekebladet *For Bygd og By* med Kristofer Uppdal som første redaktør og Gudveig Høyem som utgivar. Olaf Norli tek over drifta året etter, og siste nummer kjem i 1932.

6.1. kjem første nummeret av skjemtebladet *Tyrihans* kjem ut med Gudveig Høyem som redaktør og utgivar. Etter kort opphald kjem bladet ut att under namnet *Peik* i 1913 og held det gåande til 1918.

Landsmålet skaper regjeringskrise. 28.1. er statsminister Wollert Konow på fest i BUL Oslo. Etter ein tale til statsministeren av Marius Hægstad svarar Konow med å hylle målsaka som ”den sak, som sterkest har båret det norske folk frem i det sidste halve hundreår”. Aviser som *Tidens Tegn* reagerer sterkt, likeins Høgre,

og regjeringa går av 16.2.

22.11. blir L/L Det Norske Teatret skipa med Hulda Garborg som første formann og Rasmus Rasmussen som første teatersjef..

Det første kullet frå eit privat landsmålgymnas, Voss med Leiv Heggstad som rektor, er ferdig utdanna. Året etter kjem det første kullet frå ein tilsvarende privatskule i Volda (sjå 1910).

Erik Gunleikson gir ut dei første bøkene på det nye forlaget sitt – ei forteljing av Kristen Løland, eit sogespel av Gunnar Rysstad og ei verssamling av Arne Smeland (sjå 1906).

## 1913

2.1. har Det Norske Teatret den første framsyninga si, i Kristiansand – ”Ervingen” av Ivar Aasen med opningsreplikk av Lars Tvinde, og ”Rationelt fjøsstell” av Hulda Garborg.

11.1. blir stortingspresident Aasulv Bryggesaa som den første stortingsrepresentanten referert på landsmål i *Forhandlingar i Stortinget*.

6.7. blir Norsk Bladmannelag skipa i samband med årsstemnet til Noregs Ungdomslag i Skien. Hans Aarnes er første formannen. Dette laget for landsmålsjournalistar er enno så vidt i live.

6.10. blir Det norske Teatret opna i Teatersalen til BUL Oslo i Bøndernes Hus, Rosenkrantzgt. 8, Kristiania, med framsyninga *Jeppe paa Berget*, omsett av Arne Garborg. Kong Haakon 7 er til stades.

13.10. møter nærmare hundre riksmålsungdomar opp i Det Norske Teatret og lagar pipekonsert. Politimesteren les opprørslova mot dei, og politiet kastar dei så ut etter eit basketak. I ei hovudstadsavis skriv ein innsendar dagen etter: ”Det var livlig i bondehuset igaarkveld. I den avdeling av anstalten, som med mer end almindelig fræk anmasselse kaldes for ’Det norske teatret’. En teaterabort, et ufuldbaaret foster av stupide bonde ’kultur’ som velter sig ind paa folk med alt sit habengutt – sin stenalderdannelse og sine tomme, rosemalte hjerneklister.”

15.10. kjem første nummer av *Bodstikka*, meldingsblad for Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag med Edvard Os som redaktør. Bladet endrar namn til *Norsk Ungdom* i 1916 og kjem under skiftande namn til 1997.

I desember set styret ved Det norske Teatret med eit arbeidsutval som skal førebu arbeidet med nybygg (sjå 1985).

Olav Nygard debuterer med diktsamlinga *Flodmaal* på Olaf Norlis Forlag.

*Norske dansevisur* av Hulda Garborg kjem ut på H. Aschehoug & Co, med fleire utgåver seinare.

*Hermannsboki*, landsmålsutgåva av *Haandbok for den menige soldat*, kjem for første gong, omsett av kaptein Sagen.

## 1914

27.2. blir Landsbanken skipa i Bergen med Cornelius B. Bugge som første styreformannen, med landsmål som forretningsspråk og ein aksjekapital på 600 000

kr. Banken opnar for publikum 15.8. Som ein av fleire blir banken sett under administrasjon i 1923.

29.7. held biskop Bernt A. Støylen den første bispepreika på landsmål, i Kristiansand domkyrkje.

Steinar Schjøtt gir ut *Norsk Ordbok* på Det Norske Samlaget.

## 1915

23.7. vedtek Odelstinget samrøystes i landsskulelova at valet av skriftleg opplæringspråk skal avgjerast ved folkerøysting i skulekrinsen (sjå 1969, 1985). Odelstinget vedtek mot 18 røyster at skulebarn skal ha rett til å bruke dialekt i undervisninga, og at lærarane skal tilpasse talemålet sitt til dette. Dei same endringane blir vedtekne for byskulane i 1917. Tidlegare har ikkje skulestyret vore bunde av vedtak i dei enkelte krinsane.

6.11. disputerer Knut Liestøl over den første doktoravhandlinga på landsmål, *Norske trollvisor og norrøne sogor*.

17.12. tek Kyrkjedepartementet bort det atterhaldet om bruken av liturgi på landsmål som var blitt innført tidlegare (sjå 1907).

Norskt maalkontor, som har halde det gåande sidan 1900, blir avvikla.

## 1916

8.10. blir Østlandsk Reisning skipa på Jessheim med Eivind Berggrav-Jensen som første formannen. På det meste har organisasjonen 10 000 medlemmer. Organisasjonen går over i Østlandsk Ungdomsfylking i 1926 og går ut or soga seks år seinare.

Det Norske Bibelselskap ønskjer ikkje å stå for ei landsmålsutgåve av heile *Bibelen*, og Studentmållaget i Oslo set ned ei bibelnemnd for å gjere arbeidet sjølv (sjå 1921).

Som det første offentlege landsgymnaset opnar Voss offentlege landsgymnas. Sidan 1910 har det vore private gymnasklassar på Voss og i Volda (sjå 1910 og 1912).

Andreas Haavoll tek over som redaktør i *Norsk Barneblad* og har denne stillinga i 40 år, til Johannes Farestveit tek over i 1956.

Olav Aukrust debuterer med *Himmelvarden* på Alb. Cammermeyers Forlag. *Nynorsk boklista. Skrifter i bokform paa norsk – bygdemaal og landsmaal – 1646–1915* av Anton Aure kjem ut på Olaf Norlis Forlag. Bibliografien blir ført vidare til 1935 av Aure saman med Olav Dalgard og Arne Gallis; fjerde bandet kjem i 1942.

## 1917

3.11. fastset regjeringa i lov ”om rikets inndelingsnavne” skrivemåten av namna på 188 kommunar.

21.12. fastset regjeringa med kongeleg resolusjon prinsippa for nye rettskrivingsreglar for både riksmål og landsmål (sjå 1919).

Første nummer av *Norsk pedagogisk tidsskrift* kjem ut på Voss med Otto

Minde og Sjur Bøyum som redaktører. Utgivar er Norskmållaget for lærarane ved den høgre skulen og lærarskulen.

Det blir vedtektsfesta at alle lagsbruka skal betale 5 % av overskotet etter skatt og 1 promille av omsetninga kvart år i lagsbruksskatt og –avgift til Noregs Ungdomslag og/eller Noregs Mållag, alt etter kor eigarlaget høyrer heime. Etter få år utgjer denne lagsbruksskatten kring 60 % av inntektene til Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag.

## 1918

Om sommaren vedtek Stortinget ei ny lov om namn på fylke og bispedøme.

15.9. startar Norsk Pressekontor med Daniel Helset som styrar. Bak dette tiltaket står Norsk Bladmannelag i samarbeid med Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag. Kontoret endrar i 1928 namn til Norsk Bladkontor. Helset held det iallfall gåande til 1958.

Noregs Ungdomslag lyser ut manuskripttevling for skodespel for amatørteater og startar serien *Skodespel i ungdomslaga*. Fram til 1940 kjem det ut 41 titlar.

Erik Gunleikson gir ut første nummeret av bladet *Ung-Norig* i Risør. Bladet går inn i 1936. Som vedlegg til bladet følgjer opptrykk av eldre bøker på dialekt og landsmål, under namnet *Gamle norskmaalskrifter*. Første tilleggsbok er *Heimattkomsten* av Tomas Rosing de Stockfleth frå 1798.

Staten kjøper Eidsvoll folkehøgskule for å etablere landsgymnas. Østlandsk reisning krev at dette gymnaset ikkje skal bruke landsmål som hovudmål, men austlandsmålet og den nye bokmålsrettskrivinga. Først fem år seinare blir det ro om saka.

## 1919

5.4. og 7.4. stadfestar Stortinget 1917-reforma i rettskrivinga etter ein interpellasjon frå Carl Joachim Hambro om å annullere denne. Debatten blir det kraftigaste parlamentariske oppgjeret om norsk språkpolitikk i Stortinget. Med dobbelttrøysta til stortingspresident Anders Buen (Ap) fell eit framlegg om å utsetje den endelege handsaminga. Den 2.4. hadde statsminister Gunnar Knudsen gjort det klart at regjeringa stilte kabinettspørsmål på tillit til kyrkjeminister Jørgen Løvlands handsaming av saka.

27.7 vedtek Norsk Bladmannelag å opprette Bladmannelag med Hans Aarnes som styrar. Dette er den første journalistutdanninga i landet Styret har første møtet to dagar etter. I 1921 går drifta over til å vere brevskule, og institusjonen skiftar seinare namn til Framskulane og Fram Brevskule.

Alf Torp gir ut *Nynorske etymologiske ordbok* på H. Aschehoug & Co.

## 1920

19.7. blir Bondepartiet skipa på landsmøtet til Landsmandsforbundet i Kristiansand. Med 356 mot 9 røyster vedtek landsmøtet ”vern om alt norsk i sed



og skik og sprog bl.a. ved paa grundlag av likestilling mellem vore to maal, at fortsætte arbeidet for et fælles norsk maal i landet”.

BUL Oslo skipar Nynorsk Millomskule i Kristiania. Skulen blir nedlagd i 1924.

Torleiv Hannaas gir ut første årgangen av *Norsk Aarbok*. Siste utgåva kjem i 1939.

Knut Liestøl og Moltke Moe gir ut *Norske folkevisor fra millomalderen* på Jacob Dybwads Forlag.

Etter at det til no har vore dei lokale skulestyra som har avgjort målform i skulekrinsane, fastset Kyrkjedepartementet at dei røysteføre i kvar krins skal avgjere målforma ved røysting.

## 1921

25.1. får Arne Garborg ei folkegåve på kr 104 000 – og ein hest – som medlemmene i Noregs Ungdomslag hadde samla inn. Summen svarar til to tredelar av Nobelprisen i litteratur.

I mai blir Marta Steinsvik den første kvinna som talar i ei kyrkje, i Grønlands kirke i Kristiania.

28.7. gjer Voss kommunestyre som den første kommunen vedtak om kva målform kommunen ønskjer i skriv frå statsorgan (sjå 1924). Tolv år seinare bruker kvar tredje kommune nynorsk overfor staten.

Oslo Nye Sparebank blir skipa med O. Haraldseth som første formann. Banken opnar 15.10. og går inn i Vestlandsbanken ca 1975.

Om hausten ligg heile Bibelen føre på landsmål, kalla *Fyrebilsbibelen*, utgitt av Bibelnemnda åt Studentmållet i Oslo med ein kostnad på 200 000 kr (sjå 1916). Peter Hognestad har vore leiar for arbeidet med Gustav Indrebø som ansvarleg for språkføringa, men det er Alexander Seippel som har omsett to tredelar. På fem månader er 10 000 eksemplar selde, og heile førsteopplaget på 50 000 eksemplar er utselt etter ti år. I det 20. hundreåret blir det selt 1,4 millionar eksemplar av *Bibelen* og *Det nye testamentet* på nynorsk. Av nynorskbøker er berre *Nynorske ordliste* kjøpt av fleire.

For første gong blir møteboka for eit fylkesting, Møre, ført på landsmål.

## 1922

8.2. blir ideen om eit akademi for landsmål for første gong nemnd på eit møte i Studentmållet i Oslo (sjå 1928).

8.5. spør stortingsrepresentant Nils Finne etter lærebøker på landsmål til den militære oppløringa. Statsråden svarar at løyvingane er for små.

6.6. sender hovudstyret i NSB ut skilt, faste oppslag og annan informasjon til dei reisande på Dovrebanen frå Dombås til Støren på landsmål, med påbod om at materialet skal setjast opp.

12.6. blir Det Norske Samlaget, Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag samde om å skipe Noregs Boklag (sjå 1985).

Klara Semb gir ut handboka *Norske folkedansar*, som seinare er komen i ei rekkje nye opplag og utgåver.

## 1923

3.5. blir Kaare Fostervoll med 205 mot 195 røyster vald til formann for det første og hittil einaste landsmålsstyret i Det norske Studentersamfund i Oslo, i eit samarbeid mellom Studentmållaget og Mot Dag.

14.5. fastset Arbeidsdepartementet føresegner for bruk av landsmål og riksmål i informasjon, oppslag og skilt i NSB.

20.5. vedtek Poststyret retningslinjer for målform i oppslag på postkontora.

14.8. skriv Noregs Mållag til Noregs Bank og krev at banken ”no tek til med å prenta og gjeva ut pengesetlar med innskrift på norsk mål” (sjå 1985).

Om hausten gir Studentmållaget i Oslo ut første nummer av *Fram* i samarbeid med Mot Dag, med Olav Dalgard som første redaktøren. Bladet går inn i 1929.

Leif Halse debuterer med barneboka *Ulv. Forteljingar frå idrettslivet* på Olaf Norlis Forlag.

Tarjei Vesaas debuterer med romanen *Menneskebonn* på Olaf Norlis Forlag. *Gula Tidend* byrjar å gi ut skjema på landsmål.

I Førde i Sunnfjord skiftar avisa *Firda* frå riksmål til landsmål som redaksjonsspråk. Avisa var blitt stifta i 1917. I 2006 er dette den største nynorske dagsavisa.

Per Steenberg toneset diktet ”Å leva det er å elska” av Anders Vassbotn i ein konkurranse (sjå 1893). Tonen blir prenta i *Koralbok for den norske kirke* i 1926.

## 1924

30.6. vedtek Odelstinget med 75 mot 29 røyster at Kristiania skal skifte namn til Oslo. Grunnlaget var eit privat lovframlegg frå Venstre-representantane Knut Markhus, Ivar Tveiten og Anders Vassbotn. Den 4.7. gjer Lagtinget same vedtaket med 21 mot 14 røyster.

1.9. går det ut skriv frå statsråd Ivar Tveiten til dei tilsette i Kyrkjedepartementet om at dei som skriv på landsmål til departementet, også skal få svar på landsmål. Fleire departement følgjer etter (sjå 1921).

Den første telegramblanketten på landsmål blir utgitt av Telegrafverket. Byggjelaget i BUL LL skriv kontrakt med Aker kommune om kjøp av 130 mål på Smestad for 183 000 kroner. 63 tomter blir lagde ut for sal, og den nynorske Husebygrenda tek form. Den første innflyttaren er Daniel Helset.

Barnebladet *Magne* kjem ut med parallellutgåver på landsmål og bokmål. Bladet har kome ut sidan 1894 med Alfred Janson som første redaktør. Kona Josephine Engh tok over som redaktør frå 1904 og sit til 1946. Ordninga med nynorsk parallellutgåve varer ved til 1976.

Kyrkjedepartementet godkjenner *Landstads reviderte salmebok* for bruk. Boka inneheld 200 salmar på landsmål og 686 på bokmål. Førsteutgåva var blitt

godkjend 1869.

Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane publiserer for første gong ruteheftet sitt på landsmål.

## 1925

1.1. skiftar Kristiania namn til Oslo.

Den nye skriftkulturen får sitt varemerke. 3.1 godkjenner landsmøtet i Noregs Mållag Solfuglen, teikna av Carsten Lien, som varemerke for forretningstiltaka i norskdomsrørsla, til dømes kaffistovene og bondeheimane, etter at landsmøtet i Noregs Ungdomslag godkjende merket året før.

20.1. fastset Forsvarsdepartementet dei første reglane for bruk av landsmål på visse ekserserplassar o.l.

3.2. er utkastet til *Nynorske Salmebok* ferdig med 711 salmar. Peter Hognestad, Anders Hovden og Bernt Støylen har arbeidd med boka sidan 1921 etter initiativ frå styret i Det Norske Samlaget. Boka er ferdig trykt i juni.

13.2. vedtek regjeringa i kongeleg resolusjon om at fylkesmennene skal svare på landsmål når dei har fått brev på landsmål.

1.4. stiller regjeringa Mowinckel kabinettspørsmål då Stortinget drøftar målform på oppslag på jernbanestasjonar og om bord i toga. Opposisjonen vil overlata val av målform til dei aktuelle kommunane. Fire ulike framlegg kjem til votering, og alle fell.

17.5. blir jakkemerke med Solfuglen lagde ut for sal, og 80 000 nåler blir raskt utselde.

20.5. fastset poststyret reglar for språkform på oppslag.

30.6. handsamar Odelstinget framlegg til lov om Svalbard. Regjeringa Mowinckel har lagt fram ei lov på landsmål. Etter fleire rundar vedtek Odelstinget til slutt med 56 mot 53 røyster at lova skal vere på bokmål.

20.10. vedtek Norges Presteforening at *Nynorske Salmebok* berre bør godkjennast som tillegg til ei anna salmebok.

15.11. innfører kyrkjelyden ved Nesland kyrkje i Telemark som den første *Nynorske Salmebok*.

18.12. fastset statsråd Ivar Tveiten at *Nynorske Salmebok* er godkjend til bruk i kyrkjene.

## 1926

8.2. blir Vestlandsbanken skipa i Bergen med Olav Vevle som første formannen. I føremålsparagrafen om å bruke landsmål i drifta heiter det at alle luteigarane må vere samde for at den paragrafen skal kunne endrast.

1.10. fastset regjeringa i kongeleg resolusjon at *Nynorske Salmebok* skal få eit tillegg på 200 bokmålsalmar frå Landstads salmebok etter sterke reaksjonar på godkjenninga året før frå landsmøtet i presteforeininga (sjå 1925). Samstundes fastset regjeringa at Blix-salmane kan brukast i kyrkjene over heile landet.

8.10. blir Østlandsk Reisning omskipa til den meir språknøytrale Østlandsk

Ungdomsfylking (sjå 1916).

## 1927

1.1. skiftar Fredrikshald namn til Halden.

7.1. sender Bondeungdomslaget i Nidaros søknad til regjeringa om at Trondhjem skal heite Nidaros (sjå 1930).

25.4. godkjenner Kyrkjedepartementet det endelege utvalet av bokmålssalmar i den reviderte utgåva av *Nynorske Salmebok*.

I mai kjem *Engelsk-norsk ordbok* av Ola Raknes på H. Aschehoug & Co. Dette er den første store framandspråklege ordboka for landsmålsbrukarar.

Torvald Tu debuterer med barneboka *Signe Solmøy og andre sogor. Eventyr* på Olaf Norlis Forlag.

## 1928

20.10. blir Norsk Måldyrkingslag (Akademi for det norske målet) skipa av Det Norske Samlaget, Noregs Mållag, Norsk Bladmannelag, Norsk Bokmannslag og Studentmållaget i Oslo, med Lars Eskeland som første formannen. Eit førebuingssmøte var halde 22.4. (sjå 1922).

## 1929

1.2. vedtek Odelstinget i lov om lærarskulen med 45 mot 34 røyster at ”nynorsk” og ”bokmål” skal vere dei offisielle namna på målformene. Etter fleire voteringar i Lagtinget 21.2. blir odelstingvedtaket ståande.

8.2. fastset regjeringa i kongeleg resolusjon at stadnamna på offisielle kart skal følgje rettskrivinga for nynorsk. Føresegner kjem i kongeleg resolusjon av 28.4.1933 (sjå 1990).

31.5. vedtek Odelstinget med 57 mot 54 røyster at Trondhjem skal heite Nidaros. Namnedebatten har vart i fleire år, og ved ei folkerøysting i byen har 17 163 røysta for Trondhjem, medan 1508 har røysta for Nidaros (sjå 1930).

Åsta Holth debuterer med skodespelet *I Luråsen* i skodespelseserien frå Noregs Ungdomslag.

Halldis Moren (Vesaas) debuterer med diktsamlinga *Harpe og dolk* på H. Aschehoug & Co.

Jakob Sande debuterer med diktsamlinga *Svarte næter* på Gyldendal Norsk Forlag.

Nikolaus Gjelsvik gir ut *Juridisk ordliste* i kommisjon hos Noregs Boklag.

Noregs Boklag gir ut første boka i den nye serien *Nynorske romanbibliotek*, islandske Fridrik Brekkans *Brørne på grunn*, omsett av Inge Krokann.

## Vendepunktet (1930–1954)

Frå 1929 heitte landsmålet nynorsk. Stortinget vedtok lov om målbruk i offentleg teneste. No var det publikum og ikkje statsforvaltninga sjølv som avgjorde kva målform staten skulle bruke. Samstundes gjorde nynorskbrukarane seg gjeldande på nye arenaer. Det blei laga spelefilm med nynorsk tale, NRK gjorde nynorsk til ein del av kvardagen for radiolyttarane, både forfattarar og teater tok nynorsken til populærmusikken, og teikneserien blei ein nynorsk spesialitet. Då den tyske krigsmakta okkuperte landet, hadde kvar tredje elev i folkeskulen nynorsk som hovudmål. Desse okkupasjonsåra blei vendepunktet. Framgangen for bruk av nynorsk i skulen bråstoppa, og sjølv om målbruken endra seg lite i kyrkja og elles i samfunnet, snudde straumen.

### 1930

1.1. skiftar Trondhjem namn til Nidaros (sjå 1929).

5.2. vedtek Odelstinget med 57 mot 55 røyster at Nidaros likevel skal heite Trondhjem. Lagtinget avviser vedtaket 10.2., og saka kjem attende til Odelstinget, som 18.2. stadfestar vedtaket sitt. Etter nytt negativt vedtak i Lagtinget blir spørsmålet til slutt handsama i plenum i Stortinget 28.2. No trengst 2/3 fleirtal, men odelstingsvedtaket blir vedteke med berre 75 mot 74 røyster. Byen blir dermed heitande Nidaros.

26.5. vedtek Odelstinget etter fleire voteringar lov om målbruk i offentleg teneste. Lagtinget avviser vedtaket, og saka kjem opp att i Odelstinget 2.6. Med 54 mot 52 røyster held Odelstinget fast ved sitt, og 5.6. sluttar Lagtinget seg samrøystes til lovvedtaket. Lova gjeld frå 1.1.1931. og slår fast at alle tilsette som er fødte etter 1.1.1905, har plikt til å bruke både nynorsk og bokmål i si skriftlege sakshandsaming (sjå 1932, 1980).

Kronprins Olav er stemnetalar ved Noregs Ungdomslags stemne på Stiklestad, og held talen sin på nynorsk.

Om våren løyver Kyrkjedepartementet dei første midlane som gjer det mogleg å starte arbeidet med *Norsk Ordbok*, første året under leing av Leiv Heggstad.

### 1931

6.3. skiftar Nidaros namn til Trondheim.

*Jul i Sunnfjord* prentar ”Julekveld” (Det lyser i stille grenser) av Jakob Sande (sjå 1944 og 1948).

## 1932

29.1. fastset regjeringa føresegner for lov om målbruk i offentleg teneste (sjå 1930).

Henrik Rytter gjennomfører ein omsetjingsmaraton utan sidestykke i norsk litteratur. Dette året og det neste gir Det Norske Samlaget ut ti band med hans gjendiktingar av William Shakespears skodespel.

## 1933

1.1. byrjar Vermeldinga for Vestlandet å bruke nynorsk i NRK, til sterke protestar.

3.1. talar Gustav Indrebø på årsmøtet i Vestlandske Mållag i Bergen. I talen kjem han med sterke klagemål mot to personar han meiner har gjort grove brot mot mållova av 1930, telegrafinspektør Schrøder-Nielsen og skattefut Svenke. Dei to krev offentleg tiltale mot Indrebø, og riksadvokaten reiser mortifikasjons- og straffesøksmål (sjå 1934).

I lov om NRK av 24.6 blir bokmål og nynorsk jamstilte i programtenesta.

1.7. blir Norsk Rikskringkasting skipa.

7.11. vedtek riksprogramrådet for NRK i ei fråsegn at NRK bør følgje den regelen at ”begge målformer så langt råd er, kan bli representert i programmene”.

I desember gir Fonna Forlag ut eit prøvenummer av *Nynorsk Vikeblad* med Hans Aarnes som første redaktør. Bladet samarbeider med *Illustrert Familieblad* til 1940, og blir så drive som eineføretak av Hans Aarnes til 1954.

Bjarne Slapgard debuterer med biografien *Sven Aarrestad. Ein folkefører* på Globus-forlaget.

J. Fr. Voss gir ut *Tysk-norsk ordbok* på Noregs Boklag.

## 1934

1.1. tek Olav Midttun til som riksprogramsjef i Norsk Rikskringkasting; han blir avsett av NS 28.9.1940.

1.2. tek Karl C. Lyche til som første nynorsktalande hallomannen i NRK.

15.3. tek rettssaka mot Gustav Indrebø til (sjå 1933). Dommen fell 26.3: Indrebø blir dømd til å betale ei bot på 600 kr og dekkje 1000 kr av sakskostnadene. Den 28.4. forkastar Høgsterett ein appell frå Indrebø. Landet rundt blir det samla inn pengar til Indrebø, som set midlane i eit fond som skal brukast til arbeidet for nynorsk skulemål.

26.12. er det premiere på den første spelefilmen med nynorsk tale, *Liv* etter forteljinga ”Liv” av Kristofer Janson, med manus og regi ved Rasmus Breistein og med Tordis Maurstad og Alfred Maurstad i hovudrollene. Det er berre tre år sidan den første norske lydfilmen blei laga. Det var til no også laga fleire stumfilmar bygde over nynorske romanar og forteljingar.

Lars Berg debuterer med romanen *Men det var det ingen som visste* på Tiden Norsk Forlag.

Aslaug Vaa debuterer med diktsamlinga *Nord i leite* på Gyldendal Norsk Forlag.

Nasjonal Samling tek solkorset til partiemblem, og Noregs Ungdomslag tek i

staden i bruk pila som lagsmerke, teikna av Carsten Lien.  
Medisinarmållaget EIR blir skipa.

### 1935

11.2. vedtek Odelstinget samrøystes i lov om høgare allmennskular, dvs. realskule og gymnas, at ”i norsk i realskolen skal elevene få opplæring også i den målform som ikke er skolens hovudmål”. Dette inneber undervisning i skriftleg sidemål i realskulen, slik det har vore i gymnaset sidan 1912 (sjå 1907).

24.9. kjem første nummeret av *Norsk Tidend* ut med Olav Rytter som redaktør. Utgivar er Nynorsk Dagblad L/L (sjå 1962).

### 1936

20.10. blir det første møtet i Norsk Målførearkiv halde ved Universitetet i Oslo. Sigurd Kolsrud hadde alt i 1914 nemnt tanken om å få skipa eit slikt arkiv, no er dei første midlane løyvde, og han sit i det første styret saman med Magnus Olsen og Didrik Arup Seip. I første omgang disponerer arkivet rom i Akersgt. 42.

Noregs Lydarlag blir skipa som eit særslag i Noregs Mållag, ein opptakt til Kringkastingsringen (sjå 1955).

### 1937

Åse Gruda Skard gir ut si første bok, *Pedagogisk psykologi*, på J.W. Cappelens forlag.

### 1938

7.1. fastset regjeringa Nygaardsvold i kongeleg resolusjon nye rettskrivingsreglar for nynorsk og bokmål.

16.7. kjem første teikneseriestripa med Smørbukk i *Norsk Barneblad*, teikna av Jens R. Nilssen. Serien får fast plass på baksida av bladet i mange tiår.

I oktober går Akres trio med vokalist Torgeir Audunsson i studio og spelar inn ”Vestlandsvalsen” til tekst av Jakob Sande og melodi av Audunsson. Med den songen hadde Sande vunne ein songkonkurranse som BUL lyste ut i 1937 eller 1938. Dette blir den første nynorske populærslageren.

I eit udatert brev til Ørsta kommune søker Jon Aasen om offentlege midlar til å reise eit eldfast bygg i Aasen-tunet. I møte 12.12. løyver Ørsta kommune 1000 kr (sjå 1939, 1940 og 1946). Regjeringa Nygaardsvold fremjar forslag for Stortinget om å løyve 10 000 kr (sjå 1939 og 1940).

Første utgåva av *Nynorsk ordliste* kjem ut på Det Norske Samlaget, redigert av Einar Breidsvoll og Knut Liestøl. Med åra blir dette det mest brukte nynorske oppslagsverket. Alv Hellevik tek over ordlistearbeidet frå 1959. Det samla salet av ordlista passerer to millionar eksemplar i 1993.

*Bibelen* kjem ut i revidert utgåve på Det Norske Bibelselskap. Ragnvald Indrebø har vore ansvarleg for revisjonsarbeidet (sjå 1921), og utgåva er blitt heitande *Indrebøbibelen*.

Dialektdiktaren. Alf Prøysen får sine første dikt på prent i *Arbeidermagasinet*. I

førstninga skiftar han mellom bokmål og nynorsk før han gjer dialekten til språket sitt, som i samlinga *Drengestu'viser* i 1949.

### 1939

13.6. går fleirtalet i kyrkjekomiteen på Stortinget inn for å løyve midlar til eit Aasenrom ved Sunnmøre Museum i Ålesund, og at dette skal bli det offisielle Aasenmuseet. Berre John Solberg (H, Østfold) støttar framlegget frå regjeringa (sjå 1938).

11.11. syner Det Norske Teatret for første gong eit stykke av Bjørnstjerne Bjørnson på nynorsk: "Mellom slaga".

Norsk Bokreidingslag L/L blir skipa i Bergen med Tjodvald Gjelsvik som første formannen.

### 1940

26.3. melder avisa Norig at no har stortingskomiteen samrøystes løyvt 10 000 kr til eldfast bygg i Aasen-tunet (sjå 1938 og 1939).

5.10. står første teikneseriestripa med Vangsgutane på prent i *Nynorsk Vekeblad*, fortald av Leif Halse og teikna av Jens R. Nilssen.

Fonna Forlag L/L blir skipa med Hans Aarnes som første formannen, og gjer særleg mykje for å spreie populært lesestoff.

### 1941

5.7. står første teikneseriestripa med "Ingeniør Knut Berg på eventyr i Austerland" på prent i *Nynorsk Vekeblad*, teikna av Jostein Øvrelid (pseudonym Ronald Stone) og fortald av Hallvard Sandnes (pseudonym Vigleik Vikli). Serien går til 1954, då bladet går inn.

11.10. held Noregs Mållag siste styremøtet sitt i krigsåra.

Norsk Barneblads Forlag gir ut første juleheftet av *Smørbukk* (sjå 1938). Med unntak av 1944 har Smørbukk-julehefta kome med nyteikna serie kvart år sidan.

Første juleheftet av *Vangsgutane* kjem ut på Fonna Forlag, fortald av Leif Halse og teikna av Jens R. Nilssen (sjå 1940). Med unntak av 1944 og 1963 har bladet sidan kome kvart år.

Alfred Hauge debuterer med romanen *Septemberfrost* på Ansgar Forlag.

Johannes Heggland debuterer med romanen *Folk under fjell* på Noregs Boklag.

### 1942

23.2. tek Nasjonal Samling over Noregs Ungdomslag ved å leggje organisasjonen inn under Kultur- og folkeopplysningsdepartementet og setje inn nytt styre. Som svar blir Sivleringen skipa.

17.5. blir Vestmannalaget formelt oppløyst for å hindre at laget skal bli lagt inn under NS, men møteverksemda går vidare.

13.6. kunngjer NS-regjeringa ei ny rettskriving som skal gjelde frå 1.7. Kunngjeringa er underskriven Sigvat Heggstad og J. Fr. Voss. Målet for regjeringa



er ”ett høinorsk høvisk mål”. For nynorsk skal i-målet vere obligatorisk i sentraladministrasjonen og i lærebøker for den høgre skulen og universitetet, mens i- og a-mål er jamstelt i folke- og ungdomsskule. Den nye rettskrivinga er generelt obligatorisk for offentleg teneste, presse og omsett litteratur.

Etter delutgiving sidan 1939 er no *Fransk-norsk ordbok* av Ola Raknes komplett på Noregs Boklag.

### 1943

Tor Jonsson debuterer med diktsamlinga *Mogning i mørkeret* på Noregs Boklag.

Første heftet av teikneserien *Ingeniør Knut Berg på eventyr* kjem ut på Fonna Forlag (sjå 1941).

### 1944

22.3. minner Kultur- og folkeopplysningsdepartementet om direktiv om at det er forbode å skrive om språkstrid i pressa.

29.4. står første teikneseriestripa med Tuss og Troll på prent i *Norsk Barneblad*, fortald av Øyvind Dybvad og teikna av Jens R. Nilssen.

I november/desember komponerer Lars Søraas d.y. tonen til diktet ”Det lyser i stille grender” av Jakob Sande (sjå 1931 og 1948).

### 1945

Det første *Tuss og Troll*-juleheftet kjem ut, fortald av Øyvind Dybvad og teikna av Jens R. Nilssen. Med unntak av 1947 har heftet sidan kome kvart år. Til no er vel 200 norske eventyr og segner utgitt i teikneserieform på denne måten.

### 1946

4.8. opnar riksprogramsjef Olav Midttun den nye museumsbygningen i Aasentunet (sjå 1938, 1940).

21.11. blir Venner av Det Norske Teatret skipa med Lars Reinton som første formannen.

Olav H. Hauge debuterer med diktsamlinga *Glør i oska* på Noregs Boklag. Marius Evjeberg skipar Marius Evjebergs Forlag.

### 1947

1.2. startar Det Norske Teatret ein toårig teaterskule med 15 elevar i første kullet, og med Gisle Straume som første styraren.

### 1948

2.3. har den første nynorskomsetjinga av eit Ibsen-stykke, *Peer Gynt*, premiere på Det Norske Teatret med Hans Jacob Nilsen i hovudrolla.

13.10. blir Norsk Bygdekino A/S skipa, med Noregs Ungdomslag som ein av skiparane.

Knut Hauge debuterer med romanen *Krossen under Torfjnsjø* på H.

Aschehoug & Co.

Første bandet av *Norsk Allkunnebok* kjem ut på Fonna Forlag med Arnulv Sudmann som hovudredaktør. Det var Norsk Bladmannelag som i 1918 hadde teke initiativ til dette verket, som er komplett i 10 band i 1966. Siste bandet kjem ut takka vere stor velvilje frå Vestlandsbanken.

LL Boktrykk blir skipa i Bergen.

Lars Søråas d.y. publiserer tonen til julediktet ”Det lyser i stille grender” av Jakob Sande i *Songboka for skule og heim* (sjå 1931 og 1948).

Med premiere på operetten *Oklahoma!* av Richard Rodgers og Oscar Hammerstein II legg Det Norske Teatret grunnlaget for mange seinare musikalar, som blir eit varemerke for teateret og nynorsk scenekunst.

## 1949

26.3. blir det første lagsbruksmøtet halde for kaffistover og bondeheimar. Seinare blir ei lagsbruksnemnd vald. Vedtekter for lagsbruksnemnda blir vedtekne 2.11.1954.

Norsk Skjemaforlag blir skipa i Bergen med hovudføremål å gi ut skjema på nynorsk. Bak tiltaket står ei rekkje kommunar, organisasjonar og enkeltpersonar.

## 1950

17.11. kjem første heftet av *Norsk Ordbok* på Det Norske Samlaget, til hundreårsjubileet for førsteutgåva av Aasens ordbok. Alf Hellevik er hovudredaktør. Første bandet er komplett i 1966.

## 1951

25.1. lanserer Postverket dei tre første nynorske frimerka med namneforma NOREG, og med portrett av Arne Garborg i høve hundreårsdagen hans. Kravet om nynorske frimerke reiste Noregs Mållag i 1923.

24.9. er det premiere på den første spelefilmen med nynorsk tale og tekst: *Dei svarte bestane* frå Norsk Film, regi Hans Jacob Nilsen og Sigval Maartmann-Moe etter boka av Tarjei Vesaas, med Hans Jacob Nilsen og Eva Sletto i hovudrollene.

7.12. blir Foreldreaksjonen mot samnorsk skipa.

13.12. vedtek Stortinget med 95 mot 24 røyster å opprette Norsk språknemnd med 15 representantar for kvar av målformene.

13.12. legg Foreldreaksjonen mot samnorsk fram 92 500 underskrifter ”mot samnorsk”. Underskriftsaksjonen held fram, og 1.6.1953 er det samla inn 407 119 underskrifter. I 1954 går departementet med på at lærebøker med moderate former skal kunne brukast.

Arnlot Eggen debuterer med diktsamlinga *Eld og is* på Tiden Norsk Forlag.

*Norsk Målsoga* av Gustav Indrebø kjem ut posthumt, redigert av Per Hovda og Per Thorson, på John Griegs Boktrykkeri.

## 1952

4.4. konstituerer Norsk språknemnd seg med Didrik Arup Seip som første formannen.

Det norske passet blir tilgjengeleg i parallellutgåver på nynorsk og bokmål. Ordninga blir oppheva 1.4.1955 (sjå 1980).

Marie Takvam debuterer med diktsamlinga *Dåp under sju stjerner* på Gyldendal Norsk Forlag.

## 1954

12.1. opnar kringkastingssjef Kaare Fostervoll den første prøvesendinga i NRK Fjernsynet.

I februar gir Torolv Solheim ut første nummeret av tidsskriftet *Fossegrimen* i Risør. Siste nummeret kjem i 1969.

Samyrkelaget Norsk Barneblad blir skipa av Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag og BUL Oslo, med Arne Berg som første formannen.

## Nye vilkår (1955–1974)

Prøvesendingar med fjernsyn var i gang. Ein ny organisasjon, Kringkastingsringen, såg til at nynorskbrukarane fekk sin plass også i dette nye mediet. Ei tid var Kringkastingsringen den leiande målorganisasjonen, og til slutt vann miljøet tilslutning i Stortinget for at NRK no måtte byggje ut distriktskontor og ikkje vekse meir i Oslo. Stortinget oppretta også to viktige kulturpolitiske støtteordningar. Både innkjøpsordninga for skjønnlitteratur frå 1965 og pressestøtta frå 1969 blei viktige språkpolitiske reformer. Mange nynorske lokalaviser kom i gang, og ei ny riksavis. I 1957 gav den nye valforskinga informasjon som målrørsla aldri hadde hatt før: Kor mange prosent av vaksne brukte nynorsk? Talet var 12. Skulemålsprosenten var i fritt fall, men berre den.

### 1955

1.12. blir Kringkastingsringen for å fremje bruken av nynorsk og dialekt i radio og fjernsyn blir skipa i Oslo med Magne Oftedal som første formannen. Magne Rommetveit har drive i gang den nye organisasjonen saman med Arthur Klæbo, Hartvig Kiran og Magne Skodvin.

Fonna Forlag set i gang ein billigbokserie med omsett trivillitteratur. Første boka er spenningsromanen *Svartskjorte* av engelskmannen Bruce Graeme, omsett av Ola Straumsheim. Etter seks titlar er det slutt.

### 1956

1.9. tenner samnorskmotstandarar bokbål i Fredrikstad for å utrydde samnorsken.

Ingrid Espelid Hovig leier det første matprogrammet sitt i prøvesendingane frå NRK/Fjernsynet, som tok til i 1954.

Norsk Bokrings Forlag gir ut første boka, ei ny utgåve av Jens Tvedts *Hamnatjonet*. Foremålet med forlaget er å prente oppatt eldre nynorskbøker.

### 1957

31.5. blir nye føresegner om skrivemåten av stadnamn fastsette i kronprinsregentens resolusjon.

### 1958

7.10. vedtek Stortinget ny læreboknormal.

Det Norske Samlaget gir ut *Latinske ordbok* av Asgaut Steinnes og Eirik Vandvik.

## 1959

3.4. fastset regjeringa Gerhardsen den nye læreboknormalen i kongeleg resolusjon (sjå 1958). Reglane blir tekne i bruk i skulen frå 1.8.

3.4. gir Studentmållaget i Oslo ut første nummeret av avisa *Apropos* med Erling Læg Reid som redaktør. Lars S. Vikør er redaktør då siste nummer kjem ut i 1972.

5.4. blir Landslaget for språklig samling skipa med Arne Kielland som første formannen.

25.5. vedtek Stortinget dei første retningslinjene for munnleg tale i NRK.

Ola Jonsmoen debuterer med diktsamlinga *Dagen, vinden og hjartet* på Noregs Boklag.

## 1960

20.8. set NRK i gang regulære fjernsynssendingar.

Ingebrigt Davik debuterer med barneboka *Det hende i Taremareby. Forteljing og viser frå barnetimen* på Noregs Boklag.

## 1961

3.8. blir Noregs Elev- og Studentmållag skipa med Eirik Aksel Larsen som første formann. Organisasjonen skiftar namn til Norsk Målungdom i 1972.

Visebølgja nærmar seg norskekysten. Hartvig Kiran samlar sine omsetjingar av amerikanske viser i *Tom Duley og andre viser*. Boka blir svært viktig for dei visemiljøa som dukkar opp i Oslo og kring studentrevyar seinare i 1960-åra, og fornorskar visetradisjonen.

## 1962

29.10. vedtek Vestmannalaget med 14 mot 6 røyster å melde seg ut av Noregs Mållag.

Det Norske Samlaget gir ut første boka i billigbokserien Orion: *Ferdaminne* av A.O. Vinje. Siste boka, nr 249, kjem i 1981: *Nynorsken i 80-åra*, redigert av Olav Hr. Rue.

I april kjem det første av fire prøvenummer av *Dag og Tid* med Arthur Klæbo som redaktør. Mål: Å lage ei god avis på nynorsk.

*Norsk Tidend* blir lagsavis for Kringkastingsringen, i 1965 også for Noregs Mållag (sjå 1935).

## 1963

28.4. blir L/L Dag og Tid skipa med Bjarne Lyngstad som første styreformann.

I september kjem det første ordinære nummeret av *Dag og Tid*, med Olav Rytter som ansvarleg redaktør.

Einar Økland debuterer med diktsamlinga *Ein gul dag* på J.W. Cappelens Forlag.

## 1964

18.1. kjem Dag og Tid for første gong regelmessig som vekeavis.

31.1. oppnemner regjeringa Gerhardsen i kongeleg resolusjon den såkalla Vogtkomiteen for å utgreie den språkpolitiske situasjonen. Nynorskmedlemmene er Magnhild Hagelia, Einar Hovdhaugen, Ivar Eskeland og Johs. Aanderaa. Komiteen tek til med arbeidet 15.4.

2.4. blir Riksfondet for nynorsk presse skipa.

11.12. vedtek Stortinget samrøystes å opprette Norsk kulturfond ”til fremme av kunst og kulturvern”. Frå og med 1965 inneber dette ei innkjøpsordning til bibliotek for ny norsk skjønnlitteratur. I retningslinjene for litteraturtiltak heiter det mellom anna at ”den nynorske litteraturen bør støttes ved særskilte tiltak”. Dette fører til eiga støtteordning for nynorsk litteratur frå 1966.

Tarjei Vesaas får Nordisk Råds litteraturpris for romanen *Isslottet*, utgitt på Gyldendal Norsk Forlag.

Stavanger-gruppa Swing Blues spelar inn Beatles-songen ”She loves you” med nynorsk tekst: ”Ho elsker deg”, gjendikta av Lars Chr. Sande.

## 1965

I mars lanserer Den norske Bokklubben si første nynorske hovudbok, *Kimen* av Tarjei Vesaas.

11.10. blir Ivar Aasen-sambandet skipa i Bergen med Per Thorson som første formann.

Mange kommunar blir slått saman, og dette forsterkar den tilbakegangen for nynorsk som opplæringsmål i skulen som tok til i 1950-åra.

## 1966

23.3. legg Vogt-komiteen fram si tilråding for Kyrkje- og undervisningsdepartementet om den språkpolitiske situasjonen og norsk språkpolitikk frametter.

I november sender NRK Fjernsynet *Åpen post* for første gong, med Per Øyvind Heradstveit som ein av programleiarane.

Oskar Stein Bjørlykke debuterer med diktsamlinga *Deg høyrer dagen til* på Det Norske Samlaget.

## 1967

7.12. blir Vestlandske Teaterlag skipa i Bergen etter initiativ frå Per Håland og med Anne Gullestad som første formann. Laget skal drive teater tufta på det vestnorske språket og spreie teaterkunnskap i by og bygd, og kjem særleg til å arbeide med barneteater (sjå 1986).

Paal-Helge Haugen debuterer med diktsamlinga *På botnen av ein mørk sommar* på Det Norske Samlaget.

Arvid Torgeir Lie debuterer med diktsamlinga *Under fuglens vengjekross* på Gyldendal Norsk Forlag.

Knut Ødegård debuterer med diktsamlinga *Drøymaren, vandraren og kjelda* på Noregs Boklag.

## 1968

21.1. høgtidar Vestmannalaget 100-årsjubileum i Håkonshallen i Bergen.

24.3. er kong Olav 5 gjest når Det Norske Samlaget feirar 100-årsjubileet i Universitetsaulaen i Oslo.

3.4. har *Spelemann på taket* premiere på Det Norske Teatret i Oslo med Lasse Kolstad og Sølvi Wang i hovudrollene. 335 framsyningar seinare har 156 708 menneske kjøpt billett. Verken før eller seinare har fleire sett eit teaterstykke på nynorsk.

Kjartan Fløgstad debuterer med diktsamlinga *Valfart* på Det Norske Samlaget.

Eldrid Lunden debuterer med diktsamlinga *f.eks. juli* på Det Norske Samlaget.

Rolf Sagen debuterer med diktsamlinga *Dørklinker*.

Studentmållet i Bergen gir ut første nummer av avisa *Vestlandsfa'n*.

## 1969

22.4. vedtek Odelstinget lov om grunnskulen, som inneber ni års obligatorisk skule og dermed skriftleg undervisning i nynorsk for heile årskulla. Med 51 mot 35 røyster vedtek Odelstinget at røysteretten ved val av skulemål skal avgrensast til foreldre og føresette til barn under 14 år. Odelstinget vedtek samrøystes at alle lærebøker skal liggje føre på begge målformer til same tid og til same pris. Lova skal gjelde frå 1. august 1971 og skal vere innført i alle kommunar seinast hausten 1974.

13.6. vedtek Stortinget med 76 mot 22 røyster å løyve 75 000 kr ”til et nynorsk pressekontor”. Mindretalet røystar for å løyve 100 000 kr.

1.12. er Nynorsk Pressekontor i drift, skipa av Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag og Kringkastingsringen, med Aani Rysstad som redaktør og Viking Mestad som første styreformannen. Mål: å få meir pressestoff på nynorsk.

Edvard Hoem debuterer med diktsamlinga *Som grønne musikantar* på Noregs Boklag.

Hans Sande debuterer med diktsamlinga *Strime* på Det Norske Samlaget.

Fjernsynsunderhaldning på nynorsk NRK sender første episode av *Krutrøyk*, tekst på nynorsk. Etter 112 episodar med nynorsk tekst og høge sjåartal er det slutt i 1974.

Hausten 1969 tek Sylfest Lomheim til som programmedarbeidar i Sportsrevyen på NRK TV. Han blir den første som bruker nynorsk her.

## 1970

20.4. legg kyrkje- og undervisningskomiteen i Stortinget fram si innstilling om *St.meld. 15 (1968–69)* om språksaka. Fleirtalet – alle parti utanom Høgre – meiner at

”hovedregelen må være å gi nynorsken en plass som i det minste svarer til en fjerdedel av ordsendingene” i NRK. Stortinget drøftar innstillinga 20.5.

30.7. lir høgnorsktilhengjarane nederlag på landsmøtet i Noregs Mållag og bryt ut av laget.

Prøvedrift blir sett i gang ved Møre og Romsdal distriktshøgskule i Volda. Nybygget på skulen blir offisielt opna av statsråd Bjartmar Gjerde 15.10.1971.

Åse-Marie Nesse debuterer med diktsamlinga *Av hav er du komen* på Det Norske Samlaget.

Arild Stubhaug debuterer med diktsamlinga *Utkantane* på Det Norske Samlaget.

Det Norske Samlaget gir ut *Nynorsk grammatikk* av Olav T. Beito.

## 1971

9.6. vedtek Odelstinget lov om Norsk språkråd for språkvern og språkdyrking. Lova blir sanksjonert 18.6. Rådet skal ha 21 representantar for kvar av målformene.

19.6. held Ivar Aasen-sambandet årsmøte og blir ein landsomfemnande organisasjon på linje med Noregs Mållag.

1.9. blir Telemark distriktshøgskule i Bø opna.

28.10. streikar over 35 000 elevar ved 110 gymnas for at lærebøker skal kome ut på begge målformer til same tid og til same pris. I fleire år frametter blir det mange slike aksjonar (sjå 1974).

1.11. blir Møre og Romsdal distriktshøgskule i Volda opna.

Det Norske Samlaget gir ut *Soga om det store mannefallet* av Jon Leirfall, den nynorsk boka som har selt mest på allmenmarknaden i utgivingsåret, 103 000 eksemplar.

Studentmållaget i Oslo gir ut første nummeret av tidsskriftet *Sentrum og Periferi*. Bladet skiftar i 1972 namn til *Mål og Makt*.

## 1972

1.2. konstituerer Norsk språkråd seg med Johs. Aanderaa som første formann.

6.3. blir Norsk Bokreidingslag LL skipa opp att.

Nynorsk Barne-TV. 7.9. sender NRK TV det første av fem program i serien ”Leikestove” med Øyvind Holsvik og Guri Sem som programleiarar. Serien held fram med fem nye program frå 12.10.1973, no med Eva Solbakken og Asbjørn Tryggestad som programleiarar.

Nynorsk i Sportsrevyen. Sunnfjordingen Henning Rivedal er den første som leier Sportsrevyen i NRK på nynorsk.

Norsk Målungdom (sjå 1961) gir ut første nummer av bladet *Målfront*, som under skiftande namn (*Folkemål*, *Eg*) og med vekslande utgivingsfrekvens frå 1997 kjem bladet ut under namnet *Motmæle*.

## 1973

16.1. er nynorskbrukaren Øyvind Holsvik den første mannlege programverten i



NRK TV.

25.5. vedtek Odelstinget med 44 mot 40 røyster at norsk ”til vanleg” skal vere eit obligatorisk fag i allmennlærerutdanninga, men at studentane har høve til å byte med eit anna fag (sjå 1979).

Raulands Folkehøgskule og Akademi blir opna. Helge Ytrehus er første rektoren. Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag og Norsk Folkehøgskulelag står bak tiltaket.

Per Olav Kaldestad debuterer med diktsamlinga *Kikkert* på Det Norske Samlaget.

Den første boka i lettles-serien Sirius med bøker for lesesvake kjem ut på Det Norske Samlaget.

Studentmållaget i Oslo gir ut bladet *Fram* (sjå 1959) med Ola Normann Nedrelid som redaktør. Bladet går inn ut på 1980-talet.

Fleire norske aviser prentar dei første stripene av den amerikanske teikneserien Hårek, omsett til nynorsk av Gard Espeland. Med åra er dette den serien som går i flest norske aviser.

## 1974

7.1. blir Løvebakken Mållag skipa med Bergfrid Fjose som første formann.

20.5. vedtek Odelstinget med 112 mot 3 røyster i lov om vidaregåande opplæring at alle lærebøker og læremiddel i andre fag enn norsk skal liggje føre på begge målformer til same tid og til same pris. Lagtinget sluttar seg samrøystes til 27.5. (sjå 1997). Med denne lova tek det arbeidet til som no har ført til at over 95 % av kvart årskull tek vidaregåande skule, og som inneber at halvparten av kvart årskull får skriftleg opplæring i nynorsk.

## *Eit allment språk (1975–1989)*

Store reformer i norsk skule i 1960- og 70-åra førte til at heile ungdomskulla for første gong skulle bruke nynorsk skriftleg. Ein annan konsekvens var at fleire heldt lenger på hovudmålet nynorsk. Talemåla fekk ein sosial prestisje dei knapt nokon gong før hadde hatt i norsk kulturhistorie. Mange sette ut i livet det nye slagordet til Noregs Mållag: ”Tal dialekt – skriv nynorsk!” Iallfall første delen.

Talemålsbruken demokratiserte bruken av skriftspråka og styrkte sjølvkjensla til mange. Først no blei nynorsk eit allment språk i landet, og den språklege toleransen auka, men ikkje meir enn at nynorsk tekst på den nye femtilappen vekte reaksjonar.

### **1975**

17.–22.2. gjennomfører Norsk Målungdom den første landsomfattande dialektaksjonen.

4.3. vedtek Stortinget med 71 mot 49 røyster ein tiårsplan for utbygging av distriktskontor for NRK i alle fylka, men røystar ned forslag om prøvedrift med nærkringkasting. Kringkastingsringen har arbeidd for desse sakene i fleire år.

2.8. vedtek landsmøtet i Noregs Mållag i Mosjøen å prioritere arbeidet for nynorsk skulemål og for dialektbruk.

5.11. overleverer lektor Tokrel Magnusdal og elevar frå Odderhøi gymnas 25 000 underskrifter mot obligatorisk skriftleg sidemålsundervisning til stortingspresident Guttorm Hansen. Aksjonen er sett i gang av Oslo-skolenes Riksmålsforening.

Om hausten blir L/L Nynorsk Bladdrift skipa av Kringkastingsringen, Nynorsk Dagblad og Dag og Tid. Det nye selskapet tek over utgivinga av *Norsk Tidend* 1976–81.

Det Norske Bibelselskaps Forlag gir ut ei ny omsetjing til nynorsk av *Det nye testamentet*, under leiing av Olav Farestveit og med Jarle Bondevik som språkkonsulent.

Etter fleire plater med engelske tekstar gir Namsos-gruppa Prudence ut plate med tekstar på trønderdialekt. Vokalisten heiter Åge Aleksandersen.

Ingvar Moe debuterer med diktsamlinga *Løktastolpefrø* på Det Norske Samlaget.

### **1976**

7.8. vedtek landsmøtet i Noregs Mållag i Rauland slagordet ”Tal dialekt – skriv nynorsk” og eit nytt prinsippprogram. NMU-aksjonen frå året før blir no eit årleg fellestiltak til utpå 1980-talet.

Sissel Solbjørg Bjugn debuterer med barneboka *Stille etter elleve i Bokheimen* på Det Norske Samlaget.

8.10. blir Målpolitisk råd ved Det Norske Teatret skipa.

### 1977

28.10. opnar Sogn og Fjordane Teater med framsyninga *Dei siste maksveringar* av Rolf Losnegård. I prøveperioden fram til 1980 er teatret allmøtestyrt.

3.11. blir Mediemållaget skipa.

Helge Torvund debuterer med diktsamlinga *Hendene i byen* på Noregs Boklag.

### 1978

19.2. får Kjartan Fløgstad Nordisk Råds litteraturpris for romanen *Dalen Portland* (1977), utgitt på Det Norske Samlaget. Fløgstad gir prisen til skulemålsarbeidet i Noregs Mållag (sjå 1988).

Heile *Bibelen* ligg føre i ny omsetjing til nynorsk frå Det Norske Bibelselskap. Olav Farestveit har hatt hovudansvaret for Det gamle testamentet, Ole Øverland Gjerde for Det nye (sjå 1975).

Siddisrock! Grappa Stavangerensemblen med vokalisten Frode Rønli gjer furore.

Sissel Solbjørg Bjugn debuterer med *Den første avisa på Lofotveggen og andre tekstar 1972-1977* på Det Norske Samlaget.

### 1979

15.3. vedtek Odelstinget med 67 mot 15 røyster at norsk skal vere eit obligatorisk fag i allmennlærerutdanninga.

Rune Belsvik debuterer med ungdomsboka ... *ingen drittunge lenger ...* på J.W. Cappelens Forlag.

Atle Hansen debuterer med dikt- og visesamlinga *Stille natt, Leirvik* på eige forlag.

Ragnar Hovland debuterer med romanen *Alltid fleire dagar* på Det Norske Samlaget.

Torvald Sund debuterer med diktsamlinga *Dugnadstid* på Arbeiderns Forlag og barneboka *Hautsommars i regnfjellet* på Rune Forlag.

Marit Tusvik debuterer med *Reisa til mandarinlandet* på J.W. Cappelens Forlag.

Lars Amund Vaage debuterer med *Øvelse Kald vinter* (Forlaget Oktober).

Lagsbrukssamskipnaden blir skipa. I 1997 blir namnet endra til Norske Lagsbruk.

### 1980

1.1. tek Sogn og Fjordane fylke og Førde kommune over drifta av Sogn og Fjordane Teater, med Anne Gullestad som første teatersjefen.

28.2. vedtek Odelstinget samrøystes ny lov om målbruk i offentleg teneste (sjå 1930). Eit tillegg blir vedteke 11.3.1988.

Eit nytt pass med tekst på både nynorsk og bokmål blir teke i bruk (sjå 1952).

Karin Moe debuterer med samlinga *Kjønnskrift* på Aschehoug.

Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag kjøper Noregs Boklag frå BUL Oslo (sjå 1985).

## 1981

5.2. er kronprins Harald og kronprinsesse Sonja til stades under 75-årsfeiringa til Noregs Mållag i Det Norske Teatret.

16.12. kunngjer statsråd Lars Roar Langslet namna på dei første radiostasjonane som skal få drive forsøksverksemd med nærkringkasting.

## 1982

10.5. blir plateselskapet På Norsk L/L skipa med Ola E. Bø som dagleg leiar.

31.7. blir Maria Høgetveit Berg vald til første kvinnelege *leiaren* i Noregs Mållag under landsmøtet i Mandal.

Om hausten legg teaterbåten ”Innvik” som den første i landet ut på turné i Sogn og Fjordane. Opningsstykket er ”Splint” av Norvald Tveit.

Idar Lind debuterer med romanen *Stengte dører* på Tiden Norsk Forlag.

## 1983

16.2. gir Postverket ut dei første frimerka med både NOREG og NORGE.

Unni Fortun blir vald til den første kvinnelege leiaren i Noregs Ungdomslag under landsmøtet i Oslo.

Jon Fosse debuterer med romanen *Raudt, svart* på Det Norske Samlaget.

Frode Grytten debuterer med diktsamlinga *Start* på Aschehoug; den første boka på nynorsk skriv han i 1990.

Marit Kaldhol debuterer med diktsamlinga *Lattermilde laken* på Det Norske Samlaget.

Finn Øglænd debuterer med diktsamlinga *Det opplyste landskapet* på Gyldendal Norsk Forlag; dei to første bøkene på nynorsk kjem i 1985.

## 1984

19.6. gir Hjemmet ut det første Donald Duck-albumet med nynorsk tekst, *Regnguden frå Uxmal*, omsett av Rolf Kirknes. Fram til 1991 kjem det sju slike album.

29.6. godkjenner regjeringa i kongeleg resolusjon *Norske Salmebok* til bruk i dei kyrkjelydane som gjer vedtak om det. Verbum Forlag gir ut boka i 1985.

Eva Jensen debuterer med *Dikt og tekstar* på Det Norske Samlaget.

## 1985

20.2. kjem første nummeret av *Norsk Tidend*, eit nytt felles bladtiltak for Noregs Mållag, Norsk Målungdom og Kringkastingsringen, og ei vidareføring av *Riksutgåva*

som ei tid var blitt utgitt i samarbeid med Gula Tidend.

30.3. kjem første nummeret av *Vestmannen* ut med Jostein Krokvik som redaktør og Vestmannalaget som utgivar.

6.5. opnar kong Olav 5 nybygget til Det Norske Teatret. Nybygget har kosta 482 mill 1981-kroner. Det har gått 72 år sidan teatret først reiste byggjesaka (sjå 1913).

9.5. tek presidentskapen i Stortinget imot utsendingar frå Noregs Mållag i høve hundreårsjubileet for jamstillingsvedtaket (sjå 1885). Noregs Mållag overrekkjer Stortinget Ole Nesviks målarstykke av Elias Blix. I talen ved mottakinga seier stortingspresident Per Hysing-Dahl (H) m.a. om målrørsla at ”den folkeopplysende innsats som her er ydet, har gjort livet rikere og åpnere for svært mange nordmenn”. Aftenposten reagerer skarpt på utsegnene.

I mai overtek Det Norske Samlaget alle aksjane i Noregs Boklag, forlagsnamnet og dei bokrettane som følgjer med, etter nyskiping og omorganisering i 1926 og 1980 (sjå 1922).

19.9. har Det Norske Teatret si første framsyning i nybygget i Kristian Augusts gt. 4, Oslo: *Romeo og Julie* av William Shakespeare. Opninga blir markert av meir enn 50 lokallag i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

12.–13.10. blir hundreårsjubileet for jamstillingsvedtaket i 1885 feira med bl.a. feshøgtid i Det Norske Teatret, Oslo.

1.11. utgir Noregs Bank den første pengesetelen med nynorsk tekst, med motiv av A. O. Vinje. Det har gått 62 år sidan Noregs Mållag reiste eit krav om nynorske pengesetlar (sjå 1923).

10.12. vedtek Odelstinget samrøystes i lov om grunnskulen på ny allmenn røysterett ved val av skriftleg opplæringsmål (sjå 1915 og 1969). Lagtinget godkjenner lova samrøystes 16.12.

Liv Marie Austrem debuterer med barneboka *Vikagjengen* på Norsk Barneblads Forlag.

Rønnaug Kleiva debuterer med diktsamlinga *Animasjon* på Det Norske Samlaget.

## 1986

17.2. gir Det Norske Samlaget ut *Nynorskordboka*, redigert av Marit Hovdenak ofl. Dette er eit biprodukt av arbeidet med Norsk Ordbok.

I november blir Hordaland Teater skipa.

Helga Gunerius Eriksen debuterer med barneboka *På stripejaket* på Eides Forlag.

Jan Inge Sørbo debuterer skjønnlitterært med diktsamlinga *Lågt skydekke* på Det Norske Samlaget.

## 1987

21.9. presenterer Det Norske Bibelselskap den første barnebibelen på nynorsk, i Hornindal. *Bibelen for store og små* kjem ut på begge målformene.

1.10 går Vestlandsbanken inn i den nye Fokus Bank.

Erna Osland debuterer med ungdomsromanen *Natterammen* på Det Norske Samlaget.

Plateselskapet På Norsk blir avvikla (sjå 1982).

*Dag og Tid* sel den første brukarlisensen til Det Norske Ordrettingsprogrammet, laga av Åsmund Forfang for nynorskskrivande edb-brukarar.

## **1989**

I juni sender Nynorsk Antikvariat ut første katalogen sin. Selskapet er skipa og blir drive av Arne-Ivar Kjerland og Kjell Arve Straumsvåg.

## *Haldepunktet (1990–2005)*

Brått var så godt som alle på Internett. Det gjorde også tekstar på nynorsk meir tilgjengelege enn nokon gong før, men nesten alle statlege nettstader let vere å gjere som Stortinget hadde sagt om målbruk i digital form. I det meste av hundreåret hadde innvandra engelske ord vore eit problem. På slutten av hundreåret blei den nye innvandringa frå ikkje-vestlege land eit problem som fekk heilt andre språkpolitiske svar, men enno var der ein samanheng mellom språkleg og kulturell toleranse. I 2002 blei det offisiell politikk at det fleirspråklege Noreg også skulle bli verande eit samfunn med ein språkdelt norsk kultur. Både forskarar og målfolk sende innbyggjarane i landet inn i det nye tusenåret med nye forståingar av grunnlaget for nynorsk skriftkultur, og ikkje minst av hovudpersonen sjølv: Ivar Aasen.

### **1990**

21.2. blir Bokmålsforbundet skipa i Bergen av Steinar Øksengård, som også er dagleg leiar. Målet er å gjere moderat bokmål til einaste skriftspråket i landet.

22.2. vedtek Stortinget i ny lov om stadnamn at bokmålsrettskrivinga skal vere ein del av normeringsgrunnlaget ved sida av nynorsk og at skrivemåten skal ta utgangspunkt i nedervd lokal uttale (sjå 1929).

11.9. vitjar leiaren i kyrkje- og undervisningskomiteen på Stortinget, Theo Koritzinsky, Ivar Aasen-museet i Ørsta. Til *Nationen* uttrykkjer han dagen etter undring over at eit stort livsverk er så lite markert. Han tek opp att synspunktet på ein landskonferanse om kulturforskning i Førde 30.10. *Møre-Nytt* i Ørsta refererer dette 3.11. Same dagen les Arne Apelseth, Ola E. Bø og Jostein Nerbøvik avisoppslaget i lunsjpausen på distriktshøgskulen i Volda. ”Ja vel, så gjer vi noko med det!” seier Nerbøvik. Same kvelden vedtek styret i Aasen-museet å arbeide for å få til ”eit institutt for nynorsk språk og kultur” i Aasen-tunet.

6.11. held Arne Apelseth foredrag på Volda lærarskule. Der gjer han framlegg om å lage til ei nynorsk festspelveke på seinsommaren kvart år.

13.11. blir det første uformelle møtet om det nye Aasen-tunet halde på lokalkontoret til Samlaget i Volda.

### **1991**

10.3. blir Ivar Aasen-selskapet skipa i Bergen av Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset med det føremålet å gi ut etterlatne manuskript av Ivar Aasen og avhandlingar om Aasen og verket hans. Første boka kjem året etter.

15.4. prentar *Norsk Barneblad* for første gong teikneserien ”Annika”, fortald

og teikna av Håkon Aasnes.

15.7. tek digitaliseringa av Grunnmanuskriptet til i samband med det nye Dokumentasjonsprosjektet ved Historisk-filosofisk fakultet, Universitetet i Oslo. Dette er eit stort digitaliseringsprosjekt for ei rekkje samlingar knytte til dei humanistiske faga ved fleire universitet. Grunnmanuskriptet er eit ordbokmanuskript på 13 500 A4-sider som redaksjonen i Norsk Ordbok laga i 1930-åra på grunnlag av alle dei største ordbøkene og med definisjonar på nynorsk. Digitaliseringa er ferdig seinhaustes 1992.

Bjørn Seljebotn i Nynodata presenterer første versjonen av dataprogrammet *Nyno* for datamaskinell omsetjing frå bokmål til nynorsk.

Brit Bildøen debuterer med diktsamlinga *Bilde av menn* på Det Norske Samlaget.

Kolbjørn Hauge debuterer skjønnlitterært med ungdomsboka *Onsdagsranaren* på Det Norske Samlaget og romanen *Kofferten* på Aschehoug.

## 1992

29.8. opnar prinsesse Märtha Louise den første Nynorsk Festspelveke på Ørsta/Volda lufthamn, Hovden i Ørsta, med Jon Tvinnereim som formann og Marie Ekset Haug som dagleg leiar. Arrangementet skiftar året etter namn til Dei Nynorske Festspela.

Ivar Aasen-selskapet gir ut første nummeret i sin skriftserie: *Sunnmørsgrammatikkane av Ivar Aasen*.

August/september tek digitaliseringa av setelarkivet i Norsk Ordbok til. Arkivet inneheld nesten tre millionar setlar med informasjon om tyding og bruk av enkeltord i skrift og tale. På det meste, i 1993, arbeider over hundre personar med innskriving i Mo i Rana. Denne arbeidsmåten blir avslutta våren 1994.

15.10. legg kyrkje- og undervisningskomiteen i Stortinget fram *Innst. S. nr. 17 (1992–93)* om den nyaste mållovsmeldinga. Saksordførar er Leiv Blakset (SP), og fleirtalet av SV, Ap, SP og KrF går inn for at ”det bør leggjast inn som eit krav når statsorgan hentar inn tilbod på edb-sida, at programma har både nynorsk- og bokmålsversjon”.

Bjørn Sortland debuterer med romanen *Det er ikke natta* på Det Norske Samlaget.

## 1993

24.3. er dronning Sonja gjest når regjeringa held mottaking i Parkvegen 45 i Oslo i høve 125-årsjubileet til Det Norske Samlaget. Forlaget markerer jubileet med over hundre tilstellingar i alle fylka under slagordet ”Forlaget for heile landet”.

18.6. blir Landssamanslutninga av nynorskkommunar skipa på Bryne av utsendingar frå 32 kommunar med Nils G. Taklo som første leiaren. Etter få år er over 90 % av alle nynorskkommunane medlemmer.

30.8. blir Ivar Aasen-stiftinga skipa i Ørsta. Føremålet er å arbeide for nynorsk skriftkultur, særleg å realisere planane om Ivar Aasen-senteret i



Ørsta/Volda som det har vore arbeidd med sidan 1990, og arrangere Dei nynorske Festspela. Etter kvart blir 20 institusjonar og organisasjonar frå heile landet med i stiftinga (sjå 1997).

Andreutgåva av *Nynorskordboka* ligg føre. Den blir i 1994 gjort tilgjengeleg på nettet av Dokumentasjonsprosjektet (sjå 1991).

## 1994

10.3. blir eit brev sendt til statsministeren med framlegg om ei hundreårsmarkering for Ivar Aasen i 1996. Brevet er signert av 36 personar og det er Det Norske Samlaget som har teke initiativet.

I august går Kodak i gang med å lage faksimilar av kvar einskild setel i setelarkivet til Norsk Ordbok (sjå 1992). Heile arkivet var ferdigfilma i 1995. Det året arbeider om lag 80 personar på halv tid i Mo i Rana med å merkje faksimilane med oppslag og kjelde.

8.9. løyver Kulturdepartementet ved Åse Kleveland midlar til forprosjekt for Ivar Aasen-året 1996.

Tormod Haugland debuterer med romanen *Under* på Oktober Forlag.

Jørgen Norheim debuterer med romanen *Liten svein i bærskog ut* på Det Norske Samlaget.

## 1995

27.1. legg Ottar Grepstad fram forprosjektet for Ivar Aasen-året 1996.

16.3. skipar Det Norske Samlaget, Landssamanslutninga av nynorskkommunar, Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag Stiftinga Ivar Aasen-året 1996, med Bente Vatne som styreleiar. Einar Schibevaag blir tilsett som dagleg leiar og tek til i stillinga sommaren 1995.

23.6. gir Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet tilsegn til Høgskulen i Volda om to professorat til det nye Ivar Aasen-instituttet ved høgskulen. Instituttet skal vere knutepunkt for nynorsk skriftkultur i Noregsnett.

17.11. vedtek Stortinget mot 6 røyster å byggje Ivar Aasen-tunet i Ørsta med ei kostnadsramme på 40 mill kr. Staten tek på seg dei årlege driftskostnadene ved tunet. Ørsta kommune, Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune vedtek i 1996 sine løyvingar til tunet.

1.12. vedtek Odelstinget med 55 mot 22 røyster i formålsparagrafen for NRK AS å ”fremme bruk og respekt for norsk språk og passe på at våre to offisielle målformer er representert med minst 25 pst. av ordsendingene i radio, fjernsyn og NRKs informasjonsvirksomhet”. Lagtinget sluttar seg til 18.12.

Kringkastingsringen gir ut første nummer av det nye lagsbladet *Kringom*.

Opera Software presenterer sin første nynorskversjon av nettlesarprogrammet Opera.

## 1996

5.1. opnar statsråd Åse Kleveland Ivar Aasen-året 1996 på Café Engebret i Oslo.

1030 arrangement blir gjennomførte i 164 kommunar i alle fylka i samband med denne markeringa av hundreårsminnet for Ivar Aasens død. 700 000 ser to fjernsynsprogram om Ivar Aasen på NRK. Samla kostnader er 6,2 mill kr.

8.2. kunngjer statsråd Åse Kleveland på Kulturdepartementets konferanse ”En nasjonal arkitekturpolitikk” i Oslo at Sverre Fehn har fått i æresoppdrag å teikne Ivar Aasen-tunet.

29.2. vedtek Volda kommunestyre med 18 mot 15 røyster etter to prøverøystingar å løyve dei planlagde midlane til bygging av Aasen-tunet. Arbeidarpartiet er einaste partiet som røystar samla mot.

4.3. vedtek Ørsta kommunestyre med 34 mot 5 røyster å løyve dei planlagde midlane til bygging av Aasen-tunet.

15.5. legg ein anonym aksjonskomité ut underskriftslistar mot planane om Aasen-tunet på butikkar i Ørsta og Volda. Få dagar etter svarar ein ja-aksjon. 28.5. overleverer nei-aksjonen 900 underskrifter frå Volda og 600 i Ørsta.

23.6. opnar statsråd Åse Kleveland Den norske bokbyen i Fjærland.

12.9. presenterer Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda første nummeret i serien ”Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet”: *Det norske Folkesprogs Grammatik* av Ivar Aasen, ny utgåve ved Terje Aarset.

15.9. legg statsråd Åse Kleveland ned grunnsteinen til nybygget i Ivar Aasen-tunet på Aasen-stemnet under Dei Nynorske Festspela.

I oktober er nettidsskriftet *Magasinet* i gang med elevar og lærarar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen som dei viktigaste målgruppene. Utgivar er i førstninga Noregs Mållag, og fram til årsskiftet 1997/98 er Vidar Høviskeland og Gerhard Stoltz redaktørar.

14.–16.11 blir The International Ivar Aasen Conference arrangert i Oslo. Foredraga blir gitt ut som rapport i Ivar Aasen-instituttets skriftserie 1997.

15.11. godkjenner Kyrkjerådet *Salmer 1997* som liturgisk forsøk til bruk i dei kyrkjelydane som gjer vedtak om det. Boka blir brukt som tillegg til *Norsk Salmebok* (sjå 1984).

I november gir Dag og Tid *Ivar Aasen-almanakken 1997*, som er den første i ei lang rekkje. Almanakken er redigert av Dagfinn Worren.

Arnfinn Kolerud debuterer med barneboka *Berre ikkje brøytepløgen kjem* – på Det Norske Samlaget.

## 1997

1.1. set fire elevar ved Hamar katedralskule i gang den første underskriftsaksjonen på Internett mot obligatorisk skriftleg sidemålsundervisning. 2.7. har 1760 elevar skrive seg på.

11.1. blir Ivar Aasen-året 1996 avslutta med konsert i Grieghallen i Bergen.

23.1. vedtek representantar for representantar for 17 nynorske institusjonar, organisasjonar og forretningstiltak å skipe samarbeidsorganet Nynorsk Forum. Ottar Grepstad er sekretær.

I april vedtek landsmøtet i Høgre for første gong valfri skriftleg

sidemålsundervisning.

13.5. streikar 35 000 elevar i den vidaregåande skulen i protest mot framlegget til ny opplæringslov frå regjeringa Jagland, der kravet om lærebøker på same tid til same pris på begge målformene er teke ut (sjå 1974).

I juni gir Det Norske Samlaget ut den første nynorske CD-ROM-plata: *Ivar Aasen*, redigert av Oddmund L. Hoel.

14.8. publiserer gruppa Nynorsk Elevgerilja ei nynorsk piratutgåve på Internett av læreboka *Informasjonsbehandling grunnkurs. Programvarebehandling Word 6.0 og Excel 5.0. Informasjonsbehandling* av Liv Toril Kvaløy Seter, utgitt av Økonomiforlaget. Publiseringa er ein protest mot at forlag ikkje respekterer lovkravet om lærebøker på begge målformer til same tid og til same pris. 15.8. søker Økonomiforlaget om dispensasjon frå lova for den aktuelle boka. 18.8. pålegg Namsretten elevgeriljaen å fjerne boka frå Internett. Det blir gjort same dagen.

28.8. gjer Høgre-byrådet i Oslo framlegg om forsøk med valfri sidemålsundervisning (sjå 2000).

8.9. vedtek årsmøtet i Ivar Aasen-stiftinga ei omorganisering fordi staten overtek driftsansvaret for Ivar Aasen-tunet. I den nye stiftinga har staten styrefleirtal. Ordninga gjeld frå 1.1.1998 (sjå 1993).

11.9. avslår for første gong Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet v/statsråd Reidar Sandal søknader om dispensasjon frå lovkravet om at lærebøkene skal kome ut i begge målformene.

Norsk Barneblad gir ut det første teikneseriealbumet med *Annika* (sjå 1991).

Magnhild Bruheim debuterer med romanen *Varselet* på Det Norske Samlaget.

## 1998

23.4. ligg *Nynorsk faktabok 1998* av Ottar Grepstad føre.

24.–26.4. blir Norsk kulturhelg for første gong arrangert i Oslo.

I oktober legg Einar Schibevaag fram forprosjekt for Garborg-året 2001 etter eit initiativ frå Time, Asker, Oslo og Tynset kommune to år tidlegare.

Digitaliseringa av setelarkivet til *Norsk Ordbok* blir fullført, og Dokumentasjonsprosjektet er dermed avslutta. Forvaltninga og utviklinga vidare blir overlaten til etterføljarorganet Eining for digital dokumentasjon (DOK). I samband med dette skipa Norsk Ordbok til dagskonferansen "Nynorsk på nettet" i januar 1999.

Om hausten kårar Dagbladet Odd Nordstoga til det nye rocketalentet av året (sjå 2004).

Olaug Nilssen debuterer med romanen *Innestengt i udyr* på Det Norske Samlaget.

Gunnhild Øyehaug debuterer med diktsamlinga *Slaven av blåbæret* på Det Norske Samlaget.

## 1999

5.2. blir Ottar Grepstad tilsett som direktør i Nynorsk kultursentrum.

I mars blir Stiftinga Garborg-året 2001 skipa i Oslo. Stiftinga skal arrangere eit nasjonalt jubileumsår i høve 150-årsjubileet for Arne Garborg og for Hulda Garborg. Dei tre hovudstiftarane er Time, Asker og Tynset kommune. 21 medstiftarar er også med. Dagleg leiar er Trond Lie (sjå 2001).

3.6. har representantar for Nynorsk Forum møte med statsråd Lars Sponheim i Nærings- og handelsdepartementet om å bruke statlege innkjøpsreglar for å få fram nynorskversjonar av dei mest brukte dataprogramma. Saka var første gongen drøfta i Nynorsk Forum i april 1998 (sjå 2003).

17.12. legg regjeringa Stoltenberg fram *St.meld. nr. 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleving*, som m.a. går inn for å fullføre *Norsk Ordbok* innan 2014. Stortinget sluttar seg til dette på grunnlag av *Innst. S. nr. 46 (2000–2001)* av 24.11.2000.

Som den siste avisa i landet sluttar *Fredriksstad Blad* å omsetje lesarbreve på nynorsk til bokmål.

## 2000

17.1. tek Aksjon Nynorsk Data til med aksjonsleiar Ragnhild Bjørge for å føre vidare arbeidet for nynorskversjonar av dei mest brukte dataprogramma. Aksjonen blir finansiert av Det Norske Samlaget, LNK og Nynorsk kultursentrum, og blir avslutta 1.9.2000. Aksjonen munnar ut i eit opprop signert av 110 ordførarar og over 400 rektorar.

26.4. opnar Nynorsk kultursentrum nettstaden [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no).

13.6. blir Kulturdepartementet v/statsråd Ellen Horn og Universitetet i Oslo v/ rektor Kaare Norum samde om finansieringsmodellen for prosjektet *Norsk Ordbok 2014*. Departementet løyver lønsmidlane, universitetet driftskostnadene og løn til fire stillingar.

22.6. opnar statsråd Ellen Horn Ivar Aasen-tunet, det nasjonale dokumentasjons- og opplevingssenteret for nynorsk skriftkultur. Under opningshøgtida deler Nynorsk kultursentrum for første gong ut den årlege prisen Årets nynorskbrukar, som går til høgsterettsdommar Karl Arne Utgård. Saman med nybygget står også eit nytt uteamfi, bygt for midlar særleg frå Tusenårsskiftet Noreg 2000, Norsk kulturråd og 36 kommunar og fylkeskommunar.

29.6. gir Samlaget ut Ivar Aasens *Ordbog over det norske Folkesprog* med latinske bokstavar. Det er Terje Aarset og Kristoffer Kruken som har stått for arbeidet.

6.8. tek Høgre-byrådet i Oslo v/Bård Folke Fredriksen på ny til orde for at elevane i vidaregåande skule ikkje lenger skal ha obligatorisk skriftleg sidemålsundervisning. Liknande framlegg kjem frå ulike kantar av landet dette året (sjå 1997).

1.10. blir Stephen Walton tilsett som professor og instituttleiar ved Ivar Aasen-instituttet i Volda.

14.11.gir Universal ut cd-en *Kråkeviks songbok* med Herborg Kråkevik og

Trondheimsolistane med ni songar på nynorsk og dialekt, og fem på bokmål. På to månader har 186 000 kjøpt plata. I november 2002 har salet kome opp i 208 000, truleg det største salstalet for noka nynorskredigert plate.

24.11. sluttar Stortinget seg til framlegget frå regjeringa Stoltenberg i *St.meld. nr. 22 (1999–2000) Kjelder til kunnskap og oppleving* om å fullføre *Norsk Ordbok* innan 2014.

Tredje utgåve av *Nynorskordboka* ligg føre.

Ragnfrid Trohaug debuterer med ungdomsboka *Okkupert kjærleik* på Det Norske Samlaget.

## 2001

25.1. opnar statsråd Ellen Horn Garborg-året 2001 på Det Norske Teatret i Oslo. Då jubileumsåret blir avslutta 1.12., er det gjennomført over 520 arrangement landet rundt med eit samla publikumstal på 142 000. I tillegg har ei rekkje NRK-program 1 195 000 lyttarar og sjåarar. Samla kostnader er på 6,3 mill kr.

I februar blir Stiftinga Pirion skipa av Noregs Mållag og LNK. Stiftinga skal gi ut eit blad for tilsette i barnehagar

1.3. tek Erle Stokke til som dagleg leiar i Blåmann Barnebokklubb. Det Norske Samlaget eig klubben og har fått tilsegn om starttilskot i tre år frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

11.3. blir oppropet frå Aksjon Nynorsk Data overlevert til næringsminister Grete Knudsen i Bergen (sjå 2000).

10.6. avdukar kong Harald 5 ein Arne Garborg-statue av Fritz Røed på Bryne.

I august får Økokrim eit omfattande materiale frå ei anonym kjelde med påstandar om at Norsk Målungdom juksar med medlemstala for å sikre statsstøtte. Økokrim informerer Barne- og familiedepartementet, men rekk ikkje å gjere noko meir med saka no (sjå 2002).

26.9. held direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum årstale nr. 1 om tilstanden for nynorsk skriftkultur under tittelen "Det nynorske blikket".

I november kjem det første medlemsbladet frå Blåmann Barnebokklubb.

3.12. er det premiere på programposten "Radio Røynda" i *Norgesglasset*, NRK P1. Det som skulle vere ein adventsserie i 15 delar av Finn Tokvam, blir ein fast programpost der Halvor Folgerø og Odd-Erik Lothe etter kvart kjem med, og det som var tenkt som ein parodi på røyndoms-tv, blir rein hegemonisk hylling av den nynorske røyndommen (sjå 2005)

Fokus Bank som lenge har vore tospråkleg, legg no ned nynorsktenestene sine.

Eirik Ingebrigtsen debuterer med romanen *Vesen* på Oktober Forlag.

## 2002

29.4. blir Kristin Bakken tilsett som prosjektdirektør i Norsk Ordbok 2014. Etter framlegg i *St.meld. nr. 22 (1999–2000)* blir ordboksarbeidet no trappa opp..

I august. tek det første kullet med ti masterstudentar i nynorsk skriftkultur til på Høgskulen i Volda.

26.8. vedtek styret i NRK at det skal opprettast eit nynorsk kompetansesenter i Førde.

3.10. blir det kjent at Møre og Romsdal fylkeskommune har løyvt 60 000 kroner til nynorskversjon av programpakken OpenOffice. Fylkeskommunane Akershus, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal har sommaren 2002 fått omsett OpenOffice til bokmål (sjå 2003).

9.10. hevdar redaksjonen i *Rikets tilstand* i TV2 at Norsk Målungdom i lengre tid har juksa med medlemstala for å få utbetalt offentleg støtte. Dagen etter opplyser Økokrim at dei vil etterforske saka. 11.10. søker leiar i Noregs Mållag, Vidar Lund, permisjon etter skuldingane som er retta særleg mot han (sjå 2003 og 2004).

7.11. tek Nynorsk kultursentrum over nettstaden Den elektroniske bokhylla og opnar samstundes Nettbiblioteket på [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no).

12.11. vedtek Odelstinget samrøystes å oppheve den såkalla tilnæringsparagrafen i lov om Norsk språkråd frå 1971, der det heiter at institusjonen skal ”støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærme saman”.

## 2003

9.1. vedtek styret i NRK etter lengre tids diskusjon at NRK Sogn og Fjordane skal haldast oppe som eige distriktskontor og ikkje slåast saman med NRK Hordaland. Samstundes stadfestar styret at eit nynorsk kompetansesenter skal opprettast. Ei prosjektgruppe under leiing av distriktsprogramsjef Magni Øvrebotten blir oppnemnd.

11.3. lanserer CyberBook det Internett-baserte opplæringsprogrammet Nynorsk+ som er utvikla i samarbeid med Gloppen Opplæringscenter og med Bjørg Sandal som prosjektleiar. Dette er det første opplæringsstilbodet for innvandrarakar på nynorsk, og det blir utvikla versjonar på 28 språk.

21.8. kunngjer Kultur- og kyrkjedepartementet at Sylfest Lomheim er tilsett som direktør i det nye kompetansesenteret som i 2005 skal avløyse Norsk språkråd. Lomheim tek til i stillinga 1.1.2004.

29.8. legg regjeringa Bondevik fram *St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014*. For første gong har ei kulturmelding eit omfattande språkkapittel. Her går regjeringa inn for ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

17.9. gir Samlaget ut Ivar Aasens *Norske Ordbog* frå 1873 med latinske bokstavar (sjå 2000). Terje Aarset og Kristoffer Kruken har stått for arbeidet, medrekna nyskriven innleiing og retting av feil.

26.9. blir det kjent at Oslo Byes Vel har nekta Det Norske Teatrets Vener å setje opp eit skilt på husveggen til Rosenkrantzgt. 8 i Oslo med teksten ”Her opna

Det Norske Teatret i 1913. I 1945 flytta teatret til Stortingsgata, og frå 1985 spela det i eige hus”.

9.10. kan den Linux-baserte gratisprogrampakken OpenOffice.org 1.1 lastast ned frå Internett i både nynorsk- og bokmålsversjon. Nynorskversjonen er utvikla med midlar frå Akershus, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag fylkeskommunar. Knut Yrvin har leia prosjektet OpenOffice.org på norsk, og Gaute Hvoslef Kvalnes har omsett programmet til nynorsk.

I november lanserer Nynodata i Bø i Telemark dataprogrammet ”Norsk temasøk. Parallell- og synonymordbok på bokmål og nynorsk”, som blir nominert til Rosingprisen.

19.11. lanserer Microsoft Noreg Office 2003 med nynorskversjon av Word, Excel og Outlook.

9.12. får Jon Fosse den prestisjefylte franske ordenen Ordre National du Mérite, som tilsvarende vår egen Kongens

17.12. blir seks tidlegare tillitsvalde i Norsk Målungdom dømde i Oslo tingrett for falsk forklaring til offentleg myndigheit om medlemstala i Norsk Målungdom. Under rettsaka hadde alle dei seks erkjent straffskuld. For tilskot som Norsk Målungdom ikkje skulle ha fått, blir organisasjonen samstundes dømd til å ”tilbakebetale kr. 2 881 072 – tomillioneråttehundreogåttientusenogstøttito – til Barne- og Familiedepartementet innan 14 - fjorten - dager fra dommens forkynnelse”, dessutan 100 000 kr i bot. Dei seks ankar dommen (sjå 2004).

## 2004

I januar set Per Vidar Raunholmen og Ole Jacob Eide i Kristiansand og Stavanger i gang Raude Media, eit nytt nynorsk pressebyrå.

13.2. vinn rapgruppa Side Brok frå Hovdebygda på Sunnmøre prisen ”Årets urørt” på Bylarm-festivalen i Bergen. Dei får heile 61,5 % av røystene.

18.3. avgjer Kultur- og kyrkjedepartementet at dei statlege helseføretaka kjem inn under lov om målbruk i offentleg teneste.

1.4. sluttar Stortinget – alle partia utanom Framstegspartiet – seg til synspunkta frå regjeringa Bondevik i *St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014* om ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013 (sjå 2003).

2.4. legg regjeringa Bondevik fram *St.meld. nr. 30 (2003-2003) Kultur for læring*. I meldinga føreset regjeringa at det framleis skal vere obligatorisk skriftleg sidemålsundervisning i både ungdomsskulen og vidaregåande skule, men gjer framlegg om at eigen sidemålsseksamen skal bort i ungdomsskulen. at det skal vere trekkfag til eksamen i vidaregåande skule og at det skal opprettast eit kompetansesenter for nynorsk i opplæringa ved Ivar Aasen-instituttet i Volda.

19.4. gir Odd Nordstoga ut plata *Luring*. Etter to dagar har han selt like mange plater som han til då har selt i alt av dei fem platene han har gitt ut før, og plata går rett til topps på VG-lista. Der blir den verande det meste av sommaren. Den store sommarslageren er ”Kveldssong for deg og meg” med tekst av Ragnar

Hovland, eit dikt frå samlinga *Elefantmusikken* i 1985.

11.6. gjer regjeringa Bondevik framlegg om å oppheve lov av 18.6.1971 om Norsk språkråd.

17.6. handsamar Stortinget *Innst.S. nr. 268 (2003-2004)*. Regjeringspartia og Arbeidarpartiet er blitt samde om at sidemål skal vere ein del av norskeksamen i ungdomsskulen og at dei nye nasjonale prøvene som etter kvart truleg vil erstatte eksamen, også skal femne om ferdigheitene i sidemål.

1.8. blir dei første artiklane publiserte i nynorskutgåva av det digitale dugnadsleksikonet Wikipedia. 7.8.2005 har nynorskutgåva passert 10 000 artiklar.

5.8. gir teikneserieskaparen Øystein Runde ut albumet *Bjartmann*.

18.8. får Kjartan Fløgstad den chilenske presidentens Neruda-medalje i høve hundreårsjubileet for Pablo Neruda. I alt deler Chile ut hundre slike medaljer over heile verda. I januar fekk Fløgstad også Bernard O'Higgins-ordenen for bøkene sine om Latin-Amerika og omsetjingane sine av chilensk litteratur.

27.8. set Borgarting lagmannsrett ned straffene for dei seks dømde i medlemsjukssaka (sjå 2003). Tre blir dømde til fengsel i seks månader, av dette ein måned utan vilkår. To blir dømde til fengsel i 120 dagar, av dette 20 dagar utan vilkår. Éin blir dømd til fengsel i 120 dagar, av dette 15 dagar utan vilkår.

2.9. opnar statsråd Valgerd Svarstad Haugland NRK Nynorsk mediesenter i Førde. Tidlegare distriktsprogramsjef Magni Øvrebotten er dagleg leiar; ho blei tilsett 3.3.

6.9. seier Utdanningsdirektoratet ja til ein søknad frå Oslo kommune om at eitt årskull elever i tre år i studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag, studieretning for musikk, dans og drama og studieretning for idrettsfag ved ni vidaregåande skular skal prøve munnleg sidemålsundervisning i tre år, med vitskapleg følgjeforskning. 814 av 996 elevar seier ja til å vere med.

3.9. opplyser Agder og Telemark bispedømme v/biskop Olav Skjevesland at dei vil søkje om dispensasjon frå mållova. 4.11. blir det kjent at Kultur- og kyrkjedepartementet har avslått søknaden.

4.10. blir det nynorske tuntreet, den såkalla Storebjørka i Ivar Aasen-tunet, skadd i stormkast. Heile treet blir teke ned 16.11.2005.

11.11. blir nynorskversjon av NettBank teken i bruk. Nynorskversjonen er utvikla av Sparebanken Volda Ørsta og Voss Sparebank.

18.11. vedtek Odelstinget samrøystes å oppheve lov om Norsk språkråd frå 1971. Eit nytt kompetanseorgan tek over og får i 2005 namnet Språkrådet.

20.11. kårar VG-lesarane ordet "kjærleik" til det vakraste ordet i norsk språk.

3.12. blir det første møtet i Forskarnettverk for nynorsk skriftkultur halde i Oslo, etter initiativ frå Ivar Aasen-instituttet.

17.12. legg Kultur- og kyrkjedepartementet fram forslag om endringar i lov om stadnamn. Departementet vil at utgangspunktet for stadnamn i skrift no skal vere "den lokale talemålsforma", ikkje som før "den nedervde lokale uttalen".

**2005**



1.1. er Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa i drift ved Høgskulen i Volda med Anne Steinsvik Nordal som mellombels prosjektleiar.

17.2. gir Sandnes tingrett Noregs Mållag rett i at Sandnes kommune inntil vidare ikkje kan blande bokmål- og nynorskelevar i same klassen viss foreldra ikkje ønskjer det. Kommunen gjorde dette ved tre skular frå hausten 2004. Sandnes kommune ankar saka til Gulating lagsmannsrett, som 23.5. held oppe dommen og tilkjenner Noregs Mållag 151 000 kr i sakskostnader frå Sandnes kommune. 24.6. avviser kjæremålsutvalet i Høgsterett anken frå Sandnes kommune og slår med det fast kommunen braut opplæringslova då dei blanda elevane i nynorske parallellklassar med bokmålsklassane.

19.2. har Det Norske Teatret premiere på framsyninga ”Peer Gynt” i Robert Wilsons regi, omsett til nynorsk av Jon Fosse.

22.2. vedtek Kultur- og kyrkjedepartementet at systemet med hovud- og sideformer skal haldast oppe for nynorsk, medan ein ny rettskrivingsnormal for bokmål, der dette skiljet er oppheva, skal gjelde frå 1.7. i Norsk språkråd.

26.2 blir Odd Nordstoga kåra til ”Årets mannlige artist” og ”Årets spellemann” under den årlege Spellemannpris-utdelinga i Oslo (sjå 1998, 2004).

17.3. signerer Utdanningsetaten i Oslo og Nifu Step avtale om plan for evaluering av sidemålsforsøket i Oslo.

29.3. sender NRK2 det første av tre program i serien ”Radio Røynda” av programskaparane Finn Tokvam, Halvor Folgerø og Odd-Erik Lothe.

30.3. opnar statsråd Kristin Clemet Nasjonal senter for nynorsk i opplæringa, som kom i stand etter eit initiativ frå henne.

15.4. lanserer Noregs Mållag undersakriftskampanjen ”Slepp nynorsken til!”, særleg retta mot riksavisene. Blant dei som skriv under, er statsrådene Valgerd Svarstad Haugland, Dagfinn Høybråten og Lars Sponheim. 9.6. har 25 000 skrive under.

26.4. kunngjer Moderniseringsdepartementet at ein ny bokavtale skal gjelde frå 1.5. Korleis dei nye reglane skal sikre at lærebøker ligg føre til same tid og til same pris på begge målformer, er ikkje avklara.

27.4. sender 46 samfunnstoppar frå mange ulike sektorar brev til statsminister Kjell Magne Bondevik med oppmoding om å realisere planane for *Nynorske digitalt leksikon*.

I april gir Peoples Books Publishing House i Beijing ut *Bikubesong* av Frode Grytten på kinesisk, omsett av Shi Qine, professor i nordistikk ved universitetet i Beijing. Det er første gongen ei bok er omsett til kinesisk rett frå nynorsk.

12.5. melder Trønderavisa at trondheimsfirmaet Datakjeden er først ute med å tilby DVD-menyar på nynorsk. Det er Vegard Waldal som har omsett tekstane.

17.5. lanserer ABC Start siden søkjetenesta nynorskversjonen Startside.no. I tillegg til at alle tekstar er omsette til nynorsk, er det lagt inn ein synonymfunksjon som gjer at brukarane kan søkje på nynorsk i utvalde søkjemotorar. Prosjektet er gjennomført i samarbeid med Noregs Mållag, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, Innovasjon Noreg og Norsk Plan

I mai godkjenner Kultur- og kyrkjedepartementet at Norsk språkråd endrar namn til Språkrådet.

12.6. opnar kong Harald 5 den nye Svinesundbrua. For første gong er grenseskilta merkte med både NOREG og NORGE.

13.6. publiserer VG ein kort kommentar frå Sylfest Lomheim på nynorsk om dialektbruken i Vennesla i samband med at Jorun Stiansen har vunne Idol på TV2.

1.7. kårar Nynorsk kultursentrum og NRK P2 Ingebjørn Røren til vinnar i ein konkurranse om gode nynorsk avlørsarord i golf. Same dagen avviklar Nynorsk kultursentrum og Volda golfklubb for første gong Dei nynorske golfspela i Vassbotnen i Volda.

15.8. kårar lyttarane til NRK Reiseradioen Valdres-dialekten til den vakraste dialekten i landet. I finalen får Valdres-dialekten 58,9 % av røystene, Gudbrandsdals-dialekten 41,1 %.

13.8. fortel Bergensavisen at Hordaland Unge Høgre har laga tre reklamefilmar for Harald Victor Hove, femtekandidat på stortingsvallista for Hordaland Høgre. Emna er bilavgifter, spritforbod for alle under 18 og nynorsk som sidemål. I ein av filmene kaster han Alf Helleviks *Nynorsk ordliste* i eit brennande oljefat med orda "Dette er mitt sidemål". Planen er at filmen skal visast på Bergen kino, men etter sterke reaksjonar blir filmen trekt tilbake 17.8.

19.9. gir Nynorsk kultursentrum ut *Nynorsk faktabok 2005* av Ottar Grepstad. Med 351 tabellar og 45 figurar på 785 sider er dette truleg den største statistiske dokumentasjonen av ein skriftkultur som nokon gong har vore laga.

14.10. har folkemusikkoperaen "Tryllefløyten" premiere i Den Norske Opera, i regi av Rikskonsertane i samarbeid med Riksteatern og Västanå Teater. Stein Versto har omsett librettoen til nynorsk, den svenske gruppa Harv har arrangert musikken, og Leif Stinnerbom er regissør. I hovudrollene spelar blant andre Øyonn Groven Myhren, Odd Nordstoga, Åsmund Nordstoga og Berit Opheim. Stykket blir spelt på om lag 40 scener i Noreg og Sverige.

21.10. avsluttar Noregs Mållag kampanjen "Slepp nynorsken til" (sjå 2004) og overleverer 36 000 underskrifter til Dagbladet v/Gudleiv Forr.

24.10. slår byrådsleiar Monica Mæland fast at Bergen kommune er språknoytral og at begge målformer skal kunne brukast administrativt: "Dei byråkratar som ønskjer å nytte nynorsk skal få lov til det." Bakgrunnen er ein interpellasjon frå varaordførar Kristian Helland.

27.10. legg ei strategigruppe oppnemnd av Språkrådet fram rapporten *Norsk i hundre!*

10.11. legg regjeringa Stoltenberg fram det første statsbudsjettet sitt, med forslag om å løyve 1,5 millionar kroner til *Nynorsk digitalt leksikon*.

16.11. gir Det norske Bibelselskap ut Det nye testamentet i ny og gjennomarbeidd omsetjing til både nynorsk og bokmål.

13.12. vedtek Stortinget med 85 mot 23 røyster å løyve 1,5 millionar kroner til *Nynorsk digitalt leksikon*.

16.12. legg regjeringa Stoltenberg fram *St.meld. nr. 7 (2005–2006) Målbruk i offentlig teneste*. Der heiter det at det er eit leiaransvar å følgje opp lova, og at alle no har eit par år på seg til å oppfylle krava om bruk av begge målformer på statleg drivne nettstader.

17.12. sender NRK Barne TV den første av 52 episodar av den svenske serien "Gjengen på taket" der alle dei norske røystene snakkar dialekt, blant dei Heidi Gjermundsen Broch og Dennis Storhøi.

*(Historia held fram)*